



# ***ÅRSMELDING***

*for*

***Tysnes kommune***

***2016***

<i>Saksnr.</i>	<i>Dok.nr</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sek/Saksh</i>	<i>Dykkar ref.</i>
17/93-2	2233/17	001	TK//STDAL	

## ÅRSMELDING 2016

0. RÅDMANNEN SI INNLEIING.....	4
1. ØKONOMI.....	7
2. PERSONAL OG ORGANISASJON.....	22
2.1 Styringsstruktur.....	22
2.2 Organisasjonsdemografi .....	23
2.3 Likestilling .....	23
2.4 Arbeidsmiljø og sjukefråvær.....	23
2.5 Kompetanse.....	25
2.6 Rekruttering .....	27
2.7 Etikk.....	28
3. POLITIKK, UTVIKLING PROSJEKT OG PLAN.....	29
3.1. Politikk og samfunnsutvikling .....	29
3.2 Prosjekt .....	34
3.2.1 Digitalisering.....	36
4. TENESTEOMRÅDA .....	40
<b>4.1 Sentraladministrasjonen .....</b>	<b>40</b>
4.1.1 Post og arkiv- fellestenesta .....	40

4.1.2 IT .....	41
4.1.3 Innkjøp .....	42
4.1.4 Eieendomsskatt .....	42
4.1.5 Samfunnstryggleik og beredskap .....	43
4.1.6 Klima og energi.....	43
4.1.7 Økonomi og løn .....	44
4.1.8 Næring og reiseliv .....	44
4.1.9 Kultur, idrett og friluftsliv.....	45
4.1.10 Folkehelse .....	47
4.1.11 Bibliotek.....	48
4.1.12 Tysneshallen .....	48
<b>4.2 Oppvekst .....</b>	<b>50</b>
4.2.1 Grunnskule.....	50
4.2.2 PPT.....	53
4.2.3 Spesialundervisning .....	53
4.2.4 Blå skule.....	54
4.2.5 Skulefritidsordning - SFO.....	56
4.2.7 Vaksenopplæring .....	57
4.2.8 Kulturskulen.....	58
4.2.7 Barnehagar .....	59
4.2.8 Tenester for barn og familie.....	62
4.2.8.1 Helsestasjon .....	63
4.2.8.2 Psykisk helse for barn og unge .....	65

4.2.8.3 Barnevern .....	65
<b>4.3 Helse og sosial</b> .....	69
4.3.1 Utviklingstrekk i etaten .....	69
4.3.2 Helseavdelinga .....	70
4.3.2.1 Psykiatri .....	71
4.3.2.2 Legekantor .....	72
4.3.2.3 Legevakt .....	73
4.3.2.4 Fysioterapi .....	74
4.3.2.5 Ergoterapi .....	76
4.3.3 Pleie- og omsorg .....	77
4.3.3.1 Tysnes sjukeheim .....	77
4.3.3.2 Open omsorg .....	79
4.3.3.3 Tenester for funksjonshemma .....	80
4.3.4 Sosialavdeling og flyktningtenesta .....	82
<b>4.4 Landbruk og teknisk</b> .....	85
4.4.1 Eining for forvaltning .....	85
4.4.1.1 Plan og byggjesak .....	85
4.4.1.2 Kart og oppmåling .....	87
4.4.1.3 Landbruk .....	89
4.4.2 Eining for brann og teknisk drift .....	90
4.4.2.1 Brann og redningstenesta .....	91
4.4.2.2 Teknisk drift .....	92
5. Avslutning .....	100

## 0. RÅDMANNEN SI INNLEIING

2016 var året der Tysnes kommune hadde den nest største auken i innbyggjartalet i heile Sunnhordland, kun slått av Sveio! 2016 var året me endeleg stakk spaden i jorda på Tysnes omsorgssenter! 2016 var året planframlegg til ny E39 vart lagt til høyring! 2016 var året Tysnes valde å gå vidare som eigen kommune! 2016 var året der Optimera starta sin produksjon på Heningen! 2016 var året der Haaheim Gaaard vart kåra til Noregs fjerde beste hotell! 2016 var året der Tysnesfest med rette feira sin eigen 10 års dag med nye publikumsrekordar! 2016 var året der Tysnes kommune bygde opp sine fondsreservar for å klara dei store investeringane som me er i ferd med å gjennomføra! 2016 var året der Tysnes kommune starta å senda sine brev digitalt til verksemde, privatpersonar og andre!

Alle desse hendingane er potensielt skjelsetjande med positiv forteikn. Dersom me ser oss rundt så veit me alle at det også er mørkare skyer på himmelen, Windsor Door AS måtte tilpassa sin produksjon til ei ny tid og Lerøy si verksemd på Reksteren vart lagt ned i si noverande form, Tysnes kommune har motteke ekstraordinære midlar som følgje av høg arbeidsløyse på Vestlandet – også i vår kommune. Me veit også at oppslutnaden kring ny E39 har vorte utfordra i storsamfunnet. Me er urolige for kva som skjer med ferjene og kunne godt tenkt oss ei anna utvikling på einskilde regionale og statlege planar og endringar. Me skal etter rådmannen sitt syn likevel ha fokus på å fortelja dei gode historiene og framleis tenkja at me er i stand til å forma vår eiga framtid! Optimisme og framtidstru er ein føresetnad for vekst og utvikling.

I 2016 fekk me endeleg meldt oppstart på kommuneplanen sin samfunnsdel, eit godt grep om denne kan setja oss i førarsete for utviklinga frametter og sikra at me får utvikla oss slik me sjølv meiner er best. Samfunnsdelen vert stundom tona ned for dei meir handfaste arealdelen av kommuneplanen, men ei god gjennomgang her vil også gje oss ein meir utviklingsorientert arealdel. Me har også starta viktig planarbeid gjennom kommunedelplan for kulturminner, kommunedelplan for trafikktryggleik og kommunedelplan for vatn og avlaup. Me har også delteke i eit prosjekt knytt til verdsetjing av friluftsområder. Me la også fram kommunen sin planstrategi for dei neste 4 åra. Planlegging handlar om å kunne ha fleire tankar i hovudet samstundes, det handlar om å ta vare på det me meiner er viktig og sikra grunnlag for utbygging og vekst der me meiner det er viktig. Gjennom god planlegging må me både skapa attraktive bu- og fritidsområder samstundes som me må leggja til rette for næring anten det er industri, tenesteyting, landbruk eller oppdrett. Me trur at vår lokale kunnskap og våre verdiar er føresetnader for ei ønskja utvikling. I 2016 vart sentrumsplanen for Våge vedteken, den ligg no til handsaming hjå departementet då det ikkje alltid er slik at andre har tillit til at me veit vårt eige beste. Paradokset i mange slike saker er ikkje at me er motstandar av vern, men me er ikkje alltid samd i kva som bør vernast og kva som bør utviklast. Me har uttrykt skepsis både til omfattande vern av regnskogen på Reksteren og til den nye marine verneplanen som no ligg til høyring.

I 2016 fekk me eit vesentleg betre rekneskapsresultat enn kva me hadde føresett, årsakene til dette er delte, men ein vesentleg del er knytt til inntekter me ikkje hadde føresetnader for å føresjå. Me ser også at me har levert eit høgare overskot gjennom drifta enn kva me hadde trudd. Tysnes kommune har alltid vore prega av å ha ei nøysam drift og velsigna med ansvarlege politikarar som ser at om me skal levera gode tenester over tid er økonomisk kontroll ein føresetnad. Me ser også at dette kjem godt med i ljøs av det investeringsprogrammet som no ligg føre oss. Vår største investering nokon sinne er det nye omsorgssenteret som skal stå ferdig i oktober, dette vert eit anlegg som vil gje vesentleg betre arbeidsvilkår for våre tilsette, betre butilhøve for bebuarane og verta noko me alle kan vera stolte over. Når me er ferdig med det nye omsorgssenteret tek me fatt i vår neste store investering som er bygging av nytt mellomtrinn ved Tysnes skule, også dette er ei naudsynt investering om me skal kunne tilby våre tilsette gode arbeidsvilkår og den oppveksande generasjonen eit godt læringsmiljø. Når prosjektsjef Ivar Erstad takka for seg på slutten av året var me utrulig glad for at me i Haakon Haaland har funne ein mann som vil setja store fotefar etter seg slik som fleire i stillinga som prosjektansvarleg har gjort før!

Ei nøysam drift kan vera utfordrande og politisk krevjande, men ut frå vårt inntektsnivå er det ein føresetnad for at me både skal kunna tilby gode tenester og gjera naudsynte investeringar frametter! Me har trass i vår nøysemd tenester me har all grunn til å vera stolte av! Gjennom brukarundersøkingar veit me at borna våre trivest i barnehagane, me veit at elevane opplever gode læringsmiljø og me veit at vårt Nav kontor er mellom dei fem beste i fylket målt etter brukartilfredsheit! Brukarundersøkingar bør innførast for å kontrollera at me leverer tenester i samsvar med forventningane i samfunnet på fleire områder av verksemda vår.

Det er vanskeleg å skriva ei innleiing til årsmeldinga utan å koma innom digitalisering - det kjem, og me må vera med! I den samla organisasjonen vert det stadig teke i bruk fleire digitale hjelpemiddel. No kan me sjå kva borna våre held på med i barnehagen gjennom ein app på telefonen, breva våre kjem i E-boks, Digipost eller på Alltin. Omsorgsteknologi vert teke i bruk på nytt omsorgssenter og i open omsorg, venteleg vil det føra til store endringar i desse tenestene over tid. På kommunal rapport kunne me no lesa at robotar frametter skal kunna handsame opp mot 80 % av byggjesakene våre. Innanfor skulen skjer det store endringar ved overgang til ny læringsteknologi. Me føl med på denne utviklinga og er innstilt på å ikkje henga etter, men me ser samstundes at det gjev nye utfordringar og risikoområder som me også må ta høgde for.

2016 busette me rekordmange flyktningar og her har me sagt at me også vil busetja i 2017. Me meiner at dette er ein viktig og god tilvekst til Tysnes samfunnet, men me ser også at det kan vera eit krevjande arbeid. Samspelet med friviljuge har vore ein heilt naudsynt føresetnad i dette arbeidet og vil også vera det i fortsetjinga. Me ser også at det er ei utfordring med kapasitet for bustader. Det er ikkje berre gjennom busetjing av flyktningar at Tysnes kommune har innvandring, faktisk er no 9,3 % av alle innbyggjarane våre innvandrarar, dei har hatt ein vesentleg del av æra for den folkeveksten me har opplevd dei seinare åra, men er ikkje noko nytt fenomen.

Utvikling av nye bustadområder vil vera viktig frametter, me har von om at dette skal koma gjennom samspel mellom kommune og private aktørar. På Onarheim er alt lagt til rette for ei god utvikling frametter med utbygging av nytt bustadfelt på Henningshagen og Onarheim senter

som no er under bygging. Dersom utvikling vert som me ønskjer vil det også utløysa nye kommunale investeringar i første rekkje innan oppvekstområde. Det er ei utvikling me skal helsa velkomen!

Det er veldig mange ting me kunne peika på i ei slik innleiing, men for at ikkje årsmelding skal bli for lang så skal me avslutta om lag her.

Til sist vil rådmannen takka for innsatsen til leiarar og tilsette på alle nivå i kommune, det er atter eingong gjort ein god jobb på svært mange ulike område! Rådmannen vil også takka kommunestyret for eit godt samarbeid i meldingsåret, gjensidig tillit og respekt er ein føresetnad for at me saman skal kunna medverka til ei positiv utvikling av kommuneorganisasjonen og Tysnes samfunnet!

Med helsing  
Tysnes kommune



Steinar Dalland  
rådmann

# 1. ØKONOMI

Hovudtal for drifta 2016

Tab 1.1: Inntekter

Tal i 1000 kroner	<i>Rekneskap 2016</i>	<i>Regulert budsjett 2016</i>	<i>Opprinneleg budsjett 2016</i>	<i>Rekneskap 2015</i>
<b>DRIFTSINTEKTER</b>				
Brukarbetaling	-11 535	-10 768	-10 768	-10 485
Andre sals- og leigeinntekter	-19 957	-20 089	-20 319	-18 632
Overføringar med krav til motytelsar	-32 632	-20 976	-20 976	-30 513
Rammetilskot frå staten	-100 480	-100 000	-100 000	-93 055
Andre statlege overføringar	-1 341	-1 447	-1 447	-2 230
Andre overføringar	-230	-	-	-245
Skatt på inntekt og formue	-76 309	-73 500	-73 500	-71 019
Eigedomsskatt	-10 169	-9 900	-9 900	-9 975
Andre direkte og indirekte skattar	-	-	-	-
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>-252 652</b>	<b>-236 680</b>	<b>-236 910</b>	<b>-236 155</b>

Inntektene auka med 7 % frå 2015 til 2016. Rammetilskot og skatt auka samla med 12,7 millionar kroner. Også øvrige inntekter viser ei positiv utvikling.

Mot slutten av året vart skatteinngongen mellom stat og kommune i 2015 avrekna. For Tysnes kommune gav dette ei ekstra skatteinntekt på ca. 2,2 millioner kroner. I dette låg det ei endring i fordelingsnøkkelen mellom stat og kommune som slo heldig ut for oss.



Skatteinngongen har vore god i 2016, til tross for at me også hos oss har sett ei auke i arbeidsløysa. Pr. januar 2017 er Tysnes kome opp i 4,3% ledige (NAV-statistikk) mot 2,7% i januar 2016.


Samanlikna med budsjett vart inntekt på rammetilskot og skatt ca. 3,2 millionar kroner høgare enn budsjettert. Det er svært gledeleg at den positive utviklinga i folketalet held fram, dette har nær samanheng med inntektsutviklinga. Folketalsauken vart i 2016 på 50 personar, noko som utgjer ei auke på 1,8%. Folketalet pr. 31.12.2016 vart dermed 2.847.

Det er signalisert at det tidlegare småkommunetilskotet vil bli vesentleg redusert i åra framover. Dette må takast hensyn til i dei komande budsjetta.

<b>Tab 1.2: Utgifter tal i 1000 kroner</b>	<b>Rekneskap 2016</b>	<b>Regulert budsjett 2016</b>	<b>Opprinneleg budsjett 2016</b>	<b>Rekneskap 2015</b>
<b>DRIFTSUTGIFTER</b>				
Lønsutgifter	135 633	133 375	131 445	128 463
Sosiale kostnader	31 288	34 153	37 296	29 655
Kjøp som inngår i kommunal prod.	40 292	34 785	34 317	42 567
Kjøp som erstattar eigen prod.	13 756	13 315	12 815	13 012
Overføringar	13 076	10 080	10 130	12 891
Avskrivningar	7 657	7 246	7 246	7 185
Fordelte utgifter	-3 886	-3 820	-3 790	-4 761
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>237 817</b>	<b>229 134</b>	<b>229 458</b>	<b>229 012</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>-14 836</b>	<b>-7 546</b>	<b>-7 452</b>	<b>-7 143</b>

Utgiftene auka med 4% frå 2015 til 2016, noko som er vesentleg mindre enn tilsvarende auke i inntekter.

Samansetjinga av driftsutgifter 2016 kan illustrerast som følgjande :



Lønnsutgifter inkl. sosiale kostnader utgjør 69 % av driftsutgiftene. I tillegg til egne lønnsutgifter er det leigd inn personell til tenesteyting, der sjukeheimen (4,2 mill.kr.) og heimesjukepleien (0,5 mill.kr) utgjør dei største postane.

Netto driftsresultat :

<b>Tab. 1.3: Netto driftsresultat tal i 1000 kroner</b>	<b>Rekneskap 2016</b>	<b>Regulert budsjett 2016</b>	<b>Opprinneleg budsjett 2016</b>	<b>Rekneskap 2015</b>
Netto driftsresultat	-10 082	-2 117	-2 023	-2 641
Netto driftsresultat i %	4,0 %	0,9 %	0,9 %	1,1 %

Netto driftsresultat vart i 2016 på 10,1 millionar kroner (4%). Dette er eit godt resultat, og vesentleg betre enn tilsvarande i 2015.

Netto driftsresultat er før avsetjingar til frie- og bundne fond.

Avvik mot regulert budsjett kan forklarast ut i frå fylgjande hovudtal :

Tab. 1.4: Forklaringsmodell, alle tal i 1000 kroner

Budsjettert netto driftsresultat	2 200
Rekneskapsmessig netto driftsresultat	10 082
<b>Avvik</b>	<b>7 882</b>
<b>Hovedforklaring avvik :</b>	
Samla mindreforbruk driftseiningar (1,8% avvik)	3 000
Avrekning skatt 2015 stat/kommune (endra nøkkel)	2 200
Auka skatt/rammetilskot	1 300
Redusert pensjonskostnad	1 500
<b>Forklart avvik</b>	<b>8 000</b>

Driftseiningane kom ut med eit samla mindreforbruk før fondsbevegelsar på 1,8% mot budsjett. Dette utgjer ca. 3 millionar kroner totalt.

Samla meirinntekt på rammetilskot, skatt samt eigedomsskatt utgjer ca. 3,5 millionar kroner.

Året 2016 slo også heldig ut for dei totale pensjonskostnadene, der mindreforbruket landa på 1,5 millionar kroner samla. Dette har mellom anna samanheng med at årets premieavvik på pensjon vart positivt med 2,4 millionar kroner. Men det er grunn til å peike på at kommunen har opparbeida eit negativt premieavvik på 13,7 millionar kroner (inkl. arb.gjevaravgift) som må utgiftsførast i løpet av ein 7-10 års periode.

Det kan vidare nemnast at kommunen held fram med stabil nedbetaling på lånegjeld. Samla avdrag (eks. startlån) i 2016 var på 9,5 millionar kroner. Til samanlikning var berekna minimumsavdrag på 5,2 millionar kroner. Dette inneber at me har betalt 4,3 millionar kroner meir enn det departementet legg til grunn som minimum. Med tanke på dei store investeringane som me står ovanfor synes det vere klokt å halde fram med god nedbetaling på lån, og heller nytte mogelegheit for reduksjon når dei nye investeringane står ferdig.

Resultat og disponering :

Tab 1.5 Resultat og disponering, tal i 1000 kroner	<i>Rekneskap 2016</i>	<i>Regulert budsjett 2016</i>	<i>Opprinneleg budsjett 2016</i>	<i>Rekneskap 2015</i>
<b>BRUK AV AVSETNINGAR</b>				
Bruk av tidlegare års rekneskapsmessige mindre forb	-	-	-	-
Bruk av disposisjonsfond	-	-	-	-359
Bruk av bundne fond	-3 275	-	-	-828
<b>Sum bruk av avsetningar</b>	<b>-3 275</b>	<b>-695</b>	<b>-695</b>	<b>-1 187</b>
<b>AVSETNINGAR</b>				
Overføring til investeringsrekneskap	774	774	680	580
Dekking av tidlegare års rekneskapsmessig meirforbruk	-	-	-	-
Avsetting disposisjonsfond	5 686	1 774	1 774	1 319
Avsetting til bundne driftsfond	940	264	264	1 929
<b>Sum avsetningar</b>	<b>7 400</b>	<b>2 812</b>	<b>2 718</b>	<b>3 828</b>
<b>Rekneskapsmessig meir-/mindreforbruk</b>	<b>-5 957</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-0</b>

I 2016 er det gjort ei omklassifisering av tidlegare fondsavsetjingar, der ein flyttar 2,5 millionar kroner frå bundne driftsfond til disposisjonsfond. I høve tabellen ovanfor er dette forklaringa på kvifor bruk av bundne fond og avsetjing til disposisjonsfond er såpass høge.

Avsetjing til bundne driftsfond er på 0,9 millionar kroner. Største del av dette gjeld sjølvkostområda i tillegg til avsetjing på ulike kompetansetiltak som kommunen har motteke.

I avsetjing til disposisjonsfond ovanfor ligg det 1,4 millionar kroner til eigedomsskattefondet slik som budsjettert. Saldo på fondet 31.12.16 er dermed på 6,6 millionar kroner. I tillegg viser bunnlinja eit overskot på 5,9 millionar kroner som også kan overførast frie fond/eigedomsskattefondet.

Tab 1.6: Frie driftsfond ved utløp av året (tal i mill. kr.)	2016	2015	2014
Disposisjonsfond	17,6	16,1	16,2
Flyktningefond ( <i>fritt fond</i> )	2,6	0,8	1,0
Udisponert resultat ( <i>2014-16</i> )	11,3	4,3	4,3
Eigedomsskattefond	6,6	5,2	4,0
<b>SUM FRIE FOND</b>	<b>38,1</b>	<b>26,5</b>	<b>25,5</b>

I 2016 er det flytta 2,5 millionar kroner over frå bundne til frie driftsfond.

Tab. 1.7: Nøkkeltal for drifta	2016	2015	2014
Resultatgrad <i>(netto driftsresultat/sum driftsinntekter)</i>	4,0%	1,1 %	4,25 %
Disposisjonsfond inkl. eieendomsskattefond <i>(ord.disp.fond/sum driftsinntekter)</i>	15,1 %	11,2 %	10,8 %
Gjeldsgrad <i>(lånegjeld ex. startlån/sum driftsinntekter)</i>	82 %	59 %	54 %



Tab. 1.8 Investeringar, tal i 1000 kroner

	<i>Rekneskap 2016</i>	<i>Regulert budsjett 2016</i>	<i>Opprinneleg budsjett 2016</i>	<i>Rekneskap 2015</i>
<b>UTGIFTER</b>				
Lønsutgifter	1 151		933	
Sosiale utgifter		933		754
	235	202	202	157
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal eigenproduksjon	96 149	84 130	106 460	19 234
Kjøp av tenester som erstattar kommunal eigenproduksjon	-	-	-	-
Overføringar	22 075	20 722	26 452	5 701
Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter	-	-	-	-
Fordelte utgifter	-	-	-	-
<b>Sum utgifter</b>	<b>119 610</b>	<b>105 987</b>	<b>134 047</b>	<b>25 846</b>

Tabellen viser tydeleg at prosjektet for nytt omsorgssenter er kome i ein ny fase i 2016. Samla aukar investeringane frå 25,8 millionar kroner i 2015 til 119,6 millionar kroner i 2016.

Samanlikna mot budsjett ligg rekneskapet noko lågare enn budsjettert. Dette skuldast i hovudsak ei forskyving av tidsplanen på omsorgssenteret. Omsorgssenteret skal overleverast kommunen i løpet av hausten 2017.

Tal pr. eining (inkl. fondsbevegelser) :

Nedanstående tabellar viser tal per hovudkapittel delt på ansvarsdeling, dette er inklusiv fondsbevegelse.

Tab. 1.9: Sentraladministrasjon/stab/støtte		2016					Rekneskap 2015	Rekneskap 2014
Ansvar	Ansvar (T)	Rekneskap	Rev. Budsjett	Avvik mot revidert	Budsjett	Rekneskap 2015	Rekneskap 2014	
1100	Kommunestyre, formannskap, nemnder	2 604	3 216	612	3 292	3 440	2 736	
1120	Rådmannskontor	6 575	6 920	346	6 442	7 609	7 406	
1121	Eigedomsskatt	-	-	-	-	-	76	
1140	Utval/råd	45	80	35	79	32	112	
1150	Administrasjonsbygg	836	935	99	882	1 177	894	
1180	Fellesfunksjonar	5 670	5 330	-341	5 049	3 748	3 378	
1181	Tillitsvald	447	427	-20	446	388	401	
1192	Kommuneval – stortingsval	13	-	-13	-	151	2	
1430	Næringsutvikling	461	494	33	467	537	513	
1434	Reiseliv	285	335	50	185	275	399	
1455	Veterinær	128	129	1	116	140	113	
1456	Veterinærsamarbeid	4	-	-4	-	6	7	
1459	Andre næringsføremål	125	92	-33	89	80	65	
1460	Alkoholomsetnad –kontroll	-26	11	37	11	-62	-5	
1500	Kultur	1 405	1 393	-12	1 354	1 289	1 320	
1501	Tysneshallen	341	353	12	341	340	340	
1510	Bibliotek	568	614	46	578	568	622	
1541	Friluftsliv	-	-	-	-	34	83	
1542	Folkehelsekoordinator	261	261	0	237	205	155	
1570	Kyrkjeleg administrasjon	2 037	2 037	-	2 037	2 037	1 912	
1580	Truomssamfunn	64	37	-27	37	37	41	
	Sum Sentraladm/stab/støtte	21 842	22 664	822	21 643	22 031	20 572	

Sentraladm./stab/støtte har hatt eit mindreforbruk i høve revidert budsjett på 3,6%. Ein del av forklaringa ligg på mindre aktivitet på planområdet enn føresatt i budsjett. I tillegg har også rådmannskontoret gjort ei innsparing i høve budsjett.

Tab. 1.10: Oppvekst		2016						
Ansvar	Ansvar (T)	Rekneskap	Rev. Budsjett	Avvik mot revidert	Budsjett	Rekneskap 2015	Rekneskap 2014	
2000	Administrasjon oppvekstetaten	681	801	120	697	980	1 067	
2100	Fellestiltak skulane	3 016	3 382	366	3 560	3 666	4 014	
2120	Onarheim skule	3 011	2 952	-60	2 892	3 108	3 020	
2130	Reksteren skule	-	-	-	-	-	16	
2140	Tysnes skule	21 941	22 787	846	22 152	21 931	22 216	
2150	Uggdal skule	9 216	9 997	781	9 548	9 009	8 464	
2200	Fellestiltak barnehagar	1 719	1 758	39	1 620	1 438	945	
2201	Modulbarnehage Reiso	-	-	-	-	839	1 343	
2210	Stjernereiso barnehage	8 200	8 001	-198	7 214	6 571	6 097	
2220	Lunde og Onarheim barnehage	5 970	6 198	228	5 605	5 186	1 863	
2230	Vågsmarka barnehage	3 620	3 420	-200	3 087	3 246	3 371	
2250	Lunde barnehage	-	-	-	-	-	2 809	
2301	Kulturskule	815	816	1	733	753	785	
2420	Invandr.- og flyktn.underv.	6	137	131	108	-426	-82	
2910	Psykisk helsearbeider barn og unge	577	482	-95	435	-	-	
3120	Helsestasjon/jordmorteneste	1 598	1 626	28	1 495	1 633	1 508	
3201	Barneverntenester	4 875	4 381	-494	4 333	5 600	2 982	
	Sum Oppvekst	65 245	66 737	1 492	63 479	63 533	60 420	

Oppvekst har hatt eit mindreforbruk på 2,2% mot budsjett. Dei største positive avvika finn ein på Tysnes skule og Uggdal skule. Barnevern har eit meirforbruk på 11%, men syner likevel ein nedgong i totalforbruket i høve til 2015. Sektoren har vore flink til å få eksterne midlar i form av refusjonar til kompetanseheving/kurs for dei tilsette. Mykje av kursmidlane har difor ikkje vore brukt dette året.

Fleire av barnehagane har i periodar hatt færre born og dermed tilsette enn budsjettet, noko som gjer at t.d. Lunde og Onarheim barnehage går med overskot.

Tal på elevar i vaksenopplæringa har auka monaleg, til 25 elevar. Vaksenopplæringa/flyktningundervisninga får midlar for elevane eit tal timar, noko som vert utbetalt etter tal år dei har vore under opplæring. Denne stønaden vil opphøyra, sjølv om rettane til undervisning står ved lag. Det er difor ikkje alltid samsvar mellom tilskota til den einskilde elev og timar dei får undervisning. Grunnskuleopplæring for vaksne og spesialundervisning for denne gruppa, vil bli eit tema framover, noko som vil krevja ein del midlar.

Barnevern har eit meirforbruk på nær 500.000,-. Fleire omsorgsovertakingar i 2015 vil gje kommunen store kostnader i mange år framover. Dette er ikkje midlar me kan velja om me vil bruka. Me ser likevel at kostnadane i desse tilfelle gjerne vert størst dei par første åra. Eininga har hatt fokus på å få ned kostnadane ved tiltaka me har. Me er tilfreds med at me har fått kostnadane på «Tiltak utanfor familien» ned med i overkant av 700.000,-, som følgje av stabilisering av omsorgssakene. Me har hatt ei auke av «Barneverntiltak i familien». Dette skuldast innleige av eksterne og sakkunnige i meir komplekse saker. Det er og tiltak som blir brukt for hjelpe familiar i ulike situasjonar, så me kan unngå meir drastiske tiltak.

Tab. 1.11: Helse og sosial		2016					
Ansvar	Ansvar (T)	Rev. Budsjett	Avvik mot revidert	Budsjett	Rekneskap 2015	Rekneskap 2014	
3000	Helse- og sosialadministrasjon	1 512	1 510	-3	1 094	1 141	723
3100	Offentleg legerarbeid	258	248	-10	227	101	240
3110	Legekontor	4 598	4 051	-547	3 229	5 064	3 773
3130	Fysioterapi	1 536	1 520	-16	1 445	1 499	1 528
3140	Ergoterapi	789	720	-69	681	664	610
3200	Sosiale tenester	2 779	2 811	32	2 716	2 829	2 318
3202	Edruskap	15	8	-7	8	8	3
3210	Mottak flyktningar	474	97	-377	0	-	6
3300	Administrasjon	95	-	-95	-	320	359
3301	Pleie og omsorg	83	172	89	169	128	46
3310	Tysnes sjukeheim	27 662	27 308	-354	24 772	26 694	27 066
3330	Heimesjukepleie	10 186	9 937	-249	9 209	10 063	10 935
3340	Heimehjelp	3 872	3 975	104	3 528	3 428	3 514
3351	Haugen bufellesskap	7 571	8 456	885	7 653	6 730	6 434
3352	Vågsmarka bufellesskap	5 935	5 077	-858	4 459	4 536	4 728
3361	Trygde- og omsorgsbustader, Uggdal	-755	-690	65	-690	-697	-667
3362	Trygde- og omsorgsbustader, Våge	-1 035	-1 010	25	-1 010	-1 054	-1 067
3363	Trygde- og omsorgsbustader, Nymark	-315	-286	29	-516	-435	-174
3370	Psykatri	1 848	1 835	-13	2 287	2 759	2 825
3400	Tiltak for funksjonshemma	2 907	2 981	74	2 317	3 307	3 223
3410	Dagsenter	1 836	1 853	17	1 707	1 815	1 844
3500	Bedriftshelseteneste	-	-	-	-	-	-
3600	Friviljugsentral	148	159	10	139	145	131
	Sum Helse og sosial	72 000	70 731	-1 269	63 423	69 045	68 399

Helse og sosial har eit samla meirforbruk på 1,8%. Vågsmarka bufelleskap fekk mindre kompensert for ressurskrevjande brukarar enn budsjettert, samstundes som Haugen bufelleskap fekk eit mindreforbruk i same storleiken. Legekontoret kom noko skeivt ut i 2016, men totalforbruket vart likevel mindre enn i 2015.

		2016					
Tab. 1.11: Landbruk og teknisk							
Ansvar	Ansvar (T)	Rev. Budsjet	Avvik mot revidert	Budsjet	Rekneskap 2015	Rekneskap 2014	
	Rekneskap						
4000	Landbruk- og teknisk administrasjon	152	109	-43	108	489	494
4100	Jordbruk	1 314	1 374	59	1 374	1 377	1 199
4210	Skogbruk	-	-	-	-	-	2
4220	Viltforvaltning	7	65	58	57	1	47
4300	Kart, oppmåling, skilting m.m.	450	489	39	408	637	346
4410	Brann	2 749	2 845	96	2 784	3 210	2 728
4420	Byggforvaltning	873	476	-397	283	266	97
4500	Bygg- og eigedomsforvaltning	4 668	5 321	653	5 122	7 003	7 542
4560	Renovasjon	-	21	21	-0	-	-85
4570	Kloakk	-200	-273	-72	-311	-622	145
4590	Vegar	2 680	2 279	-400	2 236	2 301	2 252
	Sum Landbruk og teknisk	12 692	12 706	13	12 060	14 662	14 767

Eininga Landbruk og teknisk fekk eit samla forbruk lik budsjett i 2016. Byggesak fekk eit negativt avvik, mens byggforvaltning fekk eit mindreforbruk.

## 2. PERSONAL OG ORGANISASJON

### 2.1 Styringsstruktur




Fig. 2.1: Styringsstruktur 2016

Strategisk leiing har vore sammensett av rådmann, helse- og sosialsjef, oppvekstsjef, økonomisjef og prosjektsjef. Forutan fellestenesta og stab rapporterer også forvaltning og brann/drift og vedlikehold til rådmann. Skular, barnehage og eining for brann og familie rapporterer til oppvekstsjef. Institusjon, open omsorg, helse og NAV rapporterer til helse- og sosialsjef. Oppvekstsjef er rådmannen sin faste stedfortreder.

## 2.2 Organisasjonsdemografi

Gjennomsnittsalder for tilsette i Tysnes kommune er p.t. 45 år. 58 av dei tilsette er 60 år og eldre, noko som betyr at me i næraste framtid vil måtte rekruttera mange nye medarbeidarar. Me ser samstundes at det har vore ei viss avgang sist år og at gjennomsnittsalderen vår såleis er på veg ned. I meldingsåret 2015 var det totalt 77 tilsette over 60 år.

Kloke val og moglegheiten til å ha litt is i magen kan føra til at ei naudsynt fornying går fint. Me ser også at det er svært ønskjeleg å halda på den kompetansen dagens seniorar har. Tysnes kommune er positiv til å vurdera overgang til pensjonistløn avtaler der dette kan vera mogleg. Under føresetnad av at me også i framtida lukkast med både seniorpolitiske tiltak og får ein arbeidsgjevvarpolitikk som også er attraktiv for nye søkjarar så er det eit rett punkt.

## 2.3 Likestilling

I Tysnes kommune er omlag 84 % av dei tilsette kvinner, målt i talet på årsverk er 81 % av årsverka utført av kvinner. Gjennomsnitteleg stillingsstorleik for kvinner er framleis monaleg lågare enn gjennomsnitteleg stillingsstorleik for menn. Kvinner i verksemda har ein gjennomsnittleg stillingsstorleik på litt i overkant av 70 %, medan tilsvarande tal for menn er i underkant av 80 %. Dette er mellom anna knytt til at kvinner er overrepresentert innan fagområde der det vert nytta mykje delstillingar slik som pleie- og omsorg og oppvekst.

På fleire fagområde ser me at dei tradisjonelle mønstra vert brotne, me har dei siste åra rekruttert fleire kvinner til tradisjonelle mannsfag innan teknisk forvaltning. Tilsvarande har me fått noko einskilde menn i omsorgsyrka og også etter kvart i barnehagar og oppveksttenester.

Korrigert for stillingstype og stillingsbrøk har menn og kvinner lik løn i Tysnes kommune per 2016. I samband med rullering av lønspolitisk plan er det gjort ei vurdering av likestilling opp mot lokal lønspolitikk. Det er likevel ulikskapar knytt til ulike stillingar, det er også fleire kvinner enn menn som opplever uønska deltid. 82 % av leiarar på einingsnivå er kvinner, i strategisk leiing er 40 % kvinner.

Tysnes kommune har ikkje særskilt planverk som gjev grunnlag for kvotering til stillingar basert på kjønn, etnisitet eller funksjonshemming. Det har ikkje vore vurdert å nytta kvotering.

## 2.4 Arbeidsmiljø og sjukefråvær

Det samla sjukefråværet i Tysnes kommune har ei positiv utvikling frå 2015 til 2016, me ligg no om lag på det målet som har vore sett. Det er eit mål at samla nærvær skal auka til 96 %. Dei siste åra har det fokusert på leiaropplæring med særskilt fokus på korleis me kan leggja til rette



for auka nærvær. Arbeidet vart utført i nært samarbeid med NAV arbeidslivssenter. Dette arbeidet vart fylgt opp vidare med dialogmøter på arbeidsstadane i kommunen der leiar, tillitsvalde, verneombod , personal og NAV arbeidslivssenter har prøvd å sjå nærare på nærværarbeidet på den einskilde arbeidsstad. Dette arbeidet held fram også i 2017.

Fagområda løn og personal vart styrkt siste år gjennom interne omrokkingar som følgje av avgang. Dette har vore heilt naudsynt for å redusera sårbarheit på lønsområde, men også for å styrka arbeidet for å få gode arbeidsvilkår og høgt nærvær i verksemda.

Tab 2.1: Oversyn over samla sjukefråvær	2012	2013	2014	2015	2016
Samla fråvær	7,31 %	8,28 %	10,55 %	8,40 %	7,37 %

Tab. 2.2: Sjukefråvær delt per sektor og fråværtype 2014 - 2016	2016	2015	2014	2016	2015	2014	2016	2015	2014
	Samla			Inntil 16 dagar			Over 16 dagar		
Sentraladministrasjonen	1,9 %	2,0 %	5,1 %	1,3 %	0,4 %	1,5 %	0,6 %	1,6 %	3,6 %
Oppvekst	8,2 %	7,2 %	8,3 %	2,6 %	3,0 %	2 %	5,6 %	4,2 %	6,3 %
Helse- og sosial	7,5 %	11,1 %	13,0 %	2,4 %	2,5 %	2,3 %	5,0 %	8,6 %	10,7 %
Landbruk og teknisk	7,7 %	7,8 %	12,9 %	3,4 %	1,0 %	3,1 %	4,3 %	6,8 %	9,7 %
Samla	7,4 %	8,7 %	10,6 %	2,5 %	2,3 %	2,2 %	4,9 %	6,4 %	8,3 %

Sjukefråvær i 2016 viser nedgang innanfor alle dei fleste sektorområda, me er også svært glad for å notera oss at det meste av reduksjonen også i år kjem innanfor det lange fråværet! Me vil sei oss svært godt nøgd med den samla nedgangen frå 2015 til 2016, men ekstra positivt er

det når me ser utviklinga av langtidsfråværet. Pleie og omsorg skal ha ekstra merksemd som følgje av veldig positiv utvikling både på Tysnes sjukeheim, open omsorg og bufellesskap.

Det har vore ein del utfordringar knytt til arbeidsmiljø ved ein skilde avdelingar; innan bufellesskapa har det vore store utfordringar med avvik og noko samansatte problem. Det har også vore ein del avvik ved skulane våre og i første rekkje har Uggdal skule hatt ein del utfordringar siste halvår-. Det er gjennomført arbeidsmiljøundersøkingar med påfølgjande handlingsplanar på ein skilde arbeidsplasser.

Arbeidstilsynet førte tilsyn med brann og redningstenesta i fjor haust og avdekka avvik som seinare gav grunnlag for investering i ny brannstasjon.

## 2.5 Kompetanse

Innan pleie og omsorg er det to lærlingheimlar for helsefagarbeidar, forutan dette vert det også teke inn TAF lærlingar med lokal tilknytning innan helsearbeidarfaget. Me har p.t. ikkje lærlingar i desse heimlane

*Tabell 2.3: Utval av kurs og vidareutdanning – helse og sosial*

Nivå	Kurs/vidareutdanning	Status	Avdeling	Deltakarar
Kurs	ØHD fagdag	Gjennomført i 2016	Ploms	12
	Hospitering i akutt mottak Stord sjukehus	Gjennomført i 2016	Ploms	8
	Leiarkurs – dagsentertilbod	Fullført 2016	Ploms	16
	Førstehjelp via Røde Kors		Ploms	15
	Eldreomsorgens ABC		Ploms	16
	Skrøpelege eldre		Fysioterapi	1
	Leiaropplæring		Fysioterapi	1
Fagutdanning	Praksis løna gjennom prosjektmidlar for å nå fagbrev som helsefagarbeidar		Ploms	3
	Avlagt fagprøve som helsefagarbeidar (intern praksis)	Fullført 2016	Ploms	1

Vidareutdanning Høgskule	Psykomotorisk fysioterapi (60 sp)	Fullført 2016	Fysioterapi	1
	Vidareutdanning i kreftsjukepleie	Under gjennomføring	Ploms	
	Avansert gerontologi, 60 sp.	Under gjennomføring	Ploms	1
	Helsefremjande og rehabiliterande arbeid med eldre 60 sp,	Under gjennomføring	Ploms	1

Leiarane i barnehagar og skular har halde fram med leiarutviklingsprogrammet i regi av Midthordland kompetanseregion. Alle pedagogane i barnehagane våre har hatt eit pedagogprosjekt i lag med KS-konsulent, eit prosjekt som har gitt eit godt kompetanseløft blant pedagogane våre, og bidrege til betre struktur og auka kompetanse i den einskilde barnehage. I tillegg har det vore mange mindre kurs for dei tilsette. M.a. er heile personalet ved skulane kursa i LP- modellen (Læringsmiljø og pedagogisk analyse).

Ein barne- og ungdomsarbeider held på med arbeidsplassert utdanning til å bli barnehagelærer. I Barneverntenesta held 2 av dei tilsette på med vidareutdanning i regi av RVTS saman med Os kommune. På helsestasjonen har begge helsesøstrene fullført NBO-opplæring, ei opplæring som går på observasjon av spedbarn.

Tilsette i tenesta «Psykisk helse for barn og unge» starta på vidareutdanning i Psykososialt arbeid for barn og unge. I desember 2016 vart det og starta på kurs i «Avdekking-kva så» og «Samtaler med barn» (RVTS Vest) Dei aller fleste kurs innan oppvekstetaten har vi dette året fått heilt eller delvis dekkja av statlege midlar.

Elles er alle einingane flinke til å nytta Fylkesmannen sine dagskurs innanfor aktuelle tema. Desse kursa er til vanleg både rimelege og gode

Tab.2.4: Kurs og vidareutdanning - oppvekst

Utdanning	Fag	Status	Deltakar	Faggruppe
Komeptanse for kvalitet	Norsk 2. språk	Under gj.føring	1	Lærar
	Matematikk 1.-7. klasse	Fullført 2016	1	Lærar
Vidareutdanning	Rettleiing	Under gj.føring	3	Ped.leiarar
	Synspedagogikk	Fullført 2016	1	Styrrar
	Rettleiing	Under gj.føring	3	Ped.leiarar
	Styrrarutdanning	Fullført 2016	1	Styrrar
	Barne og ungdomsarb	Under gj.føring	1	Assistent

Oversiktene over er ikkje uttømmende, men viser at det i stor mon vert tilrettlagd for vidareutdanning og kursing i verksemda.

## 2.6 Rekruttering

Totalt har det vore gjort 64 tilsetjingar i 2016, dette inkluderer både faste tilsetjingar og mellombelse tilsetjingar gjennom vikariat og anna.

Det er svært gledeleg at me i løpet av året fekk tilsett ny prosjektingeniør, dette var på høgste merkje då prosjektsjefen valde å gå av ved slutten av året.

Oppveksteininga har mange arbeidstakarar over 60 år, noko som må tyda på god seniorpolitikk. Det har vore lite utskifting dei siste åra, og det har vore god tilgang på ny arbeidskraft. Utfordringa framover vil bli å få tilsett personar med rett kompetanse innan skuleverket. Her er det komen nye krav til utdanning i dei faga ein skal undervisa i.

Det er framleis ei utfordring å få tilsett i vikariat der det er krav om spesialisert kompetanse, i samband med at kart- og oppmålingsansvarleg gjekk ut i permisjon på hausten lukkast det ikkje å få gjort tilsetjing i vikariat. Me er veldig glad for at me har funne ei løysing her som inneber at me kjøper noko ledig kapasitet ved oppmålingsavdelinga i Stord kommune.

I høve til pleie og omsorg opplever me at tilgangen på sjukepleiefagleg og generell helsefagleg kompetanse har vore varierende gjennom året. Sjølv om nesten alle sjukepleiarstillingane, både dag og natt er tilsett sjukepleiar i, viser det seg at me stundom må gå med bakvakt på sjukepleiarsida. Bruk av bakvakt i ei slik drift peikar på at me kanskje bør vurderer personalnormen og den relative fordelinga mellom sjukepleiar og helsefagarbeidarar. Dei fleste fagarbeidarstillingane er tilsett kompetent personell i. Ein del permisjonar og sjukefråvær gjer at det framleis er naudsynt med bruk av vikarbyrå. Me har nytta vikarbyrå gjennom heile året. I ferietida hadde me til saman 10 vikarar med sjukepleiefagleg/helsefagleg kompetanse. Dette har fungert bra, og sjølv om kostnaden er høgare, ser me at me oppnår gode, fleksible løysingar som betre sikrar fagleg forsvarlege tenester til brukarane.

## 2.7 Etikk

Etiske retningslinjer frå 2009 vart rullert av kommunestyre ved inngangen til året. I hovudssak vart retningslinene vidareført om lag som i dag, men det vart lagt inn litt kring bruk av sosiale medium.

Arbeid med etikk vert elles fylgt opp i varierende grad i dei ulike einingane, dette er også knytta til kva problemstillingar som til ei kvar tid dukker opp. Dei etiske retningslinene er nyttige og gjev eit godt grunnlag for drøfting når me kjem opp i situasjonar som kan vera vanskelege, dette kan gjelda både i samband med særskilte problemstillingar ved tenesteytinga og ikkje minst i spørsmål om intern og ekstern kommunikasjon. Det har vore gjennomført case-øvingar mellom anna i rådmannen si utvida leiargruppe.

Tysnes kommune har i tillegg til etiske retningslinjer og vedteke reglement for intern varsling av kritikkverdige tilhøve. Informasjon kring varslingsrutinar og etiske retningslinjer er innarbeid i våre tilsetjingskriv.


Politikarar og administrativ leiing deltek gjennom registrering av verv gjennom styrevervsregisteret, ordninga er meint å gje større grad om openheit og gjennomsyn i politikk og forvaltning.

### 3. POLITIKK, UTVIKLING PROSJEKT OG PLAN

#### 3.1. Politikk og samfunnsutvikling

I senter for all vår verksemd står dei politiske vegvala og strategiane som vert meisla ut gjennom dei politiske prosessane.

Den politiske organisasjonen var i 2016 slik:



2016 er første der ny organisasjon har vore lagt til grunn i samsvar med endring av kommunal organisasjon gjort før sist kommuneval. Den største endringa er tenesteutvalet som endå arbeider litt med å finna ei rett form for politisk styring.

Forutan denne overordna strukturen har kommunen også ein rekkje råd og underutval, nedanståande tabell viser politisk aktivitet målt i tal på saker i siste år fordelt per utval

Tab. 3.1 handsama saker delt per utval	2012	2013	2014	2015	2016
Kommunestyre	89	72	69	95	91
Formannskap	88	107	97	111	98
Oppvekst/omsorg – tenesteutval	44	40	25	20	35
Landbruk/teknisk	134	165	130	135	145
Administrasjonsutval	12	4	9	5	8
Arbeidsmiljøutval	12	12	18	7	13
Eldreråd	-	-	-	8	9
Ungdomsråd	-	-	-	8	26
Sakkunnig nemnd	-	-	-	7	6
Sakkunnig ankenemnd	-	-	-	2	1
Tilsetjingsutval	-	-	-	76	64
Husbandutval	-	-	-	14	18
Valstyre				14	-
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	-	-	-	-	0
Andre <sup>i</sup>	132	115	130		
SUM				502	514

<sup>i</sup> AMU, sakkunnig nemnd, tilsetjingsutvalet, ungdomsrådet og eldrerådet.

Underståande tabell viser ein del av dei sakene som kommunestyre hadde til førehaving i 2016. Det første møtet i 2016 inneheld ein god del val av nemnder og representasjonar etter at det var valt nytt kommunestyre i 2015. Ein god del saker er ikkje teke med slik som godkjenning av årsmelding, rekneskap, budsjett m.v. Dei sakene som er teke med fortel likevel ein del om breidda i politikken

Tab 3.2: Saker til handsaming i kommunestyre 2015	Møtedato	Sak
Kommunestyre	2. februar	Nye adresseparsellar 2014 – namnesak og klage Endringar i vallova – høyring Ethiske retningsliner for Tysnes kommune – Rullering Forslag til innretning på havbruksfondet – høyring Forslag til nytt inntektssystem for kommunane – høyring Nytt omsorgssenter – prosjektorganisering
	24. april	Forvaltningsrevisjon av plan- og byggesaker Konkurransetsetjing av revisjonstenester for Tysnes kommune – val av revisor Forskrift om klageordning – ny tenestestadstruktur i politi- og lensmannsetaten – høyring Fondet til Tysnes Herreds Vel – styresamansetning og val Etablering av tvisteløysingsmekanisme for rettslege tvistar mellom stat og kommune – høyring Husbanken – opptak av startlån og bustadtilskot for 2016 Kjøp av nye Godøysund Fjordhotell AS Delegasjonsreglement for Tysnes kommune – Delegasjon til rådmannen Finansforvaltingsrapport pr 31.03.16
	18. mai	Kommunereform – Bjørnefjorden
	16. juni	Aksjekjøp – Våge hamn AS Alkohollova – Søknad om sals- og skjenkeløyve for 2016 – 2020 Alkohollovgevinga – Nye reglar om reaksjonar – mynde til rådmannen Søknad om fritak for eigedomsskatt – Tysnes musèlag Kulturskulerapport – Tysnes kulturskule – høyring Organisering av leksehjelp Tilstandsrapport grunnskule 2016 Kvalitets- og strukturreform i barnevernet – høyring Søknad om mindre endring av reguleringsplan – Henningshagen bustadfelt



Kommunereform	
27. september	<p>Lønspolitisk plan – Rullering 2016            Forvaltningsrevisjon av plan- og byggesaker            Nye oppgaver til større kommunar – høyring            Endring av SIM sin selskapsavtale            Endring i selskapsavtalen til interkommunalt arkiv i Hordaland IKS            Plan for idrett, friluftsliv og kulturanlegg i Sunnhordland 2016 – 2020 – høyring            Kommunal planstrategi            Lånegaranti vasslaga            Ny kommunelov</p>
8. november	<p>Val av leverandør av sekretariatstenester 2017 – 2022            Reguleringsplan Våge Sentrum            Søknad om mindre reguleringsendring for gjeldande reguleringsplan 2010-01 Lunde øvre, Kattaneset gnr. 114 bnr 1 mfl.            Vidareføring av medlemskap i Business Region Bergen            Beredskapsplan for å avdekkja vald og seksuelle overgrep            Nærpolitireforma – vest politidistrikt sine tenestestad- og tenesteeiningsstruktur – høyring            Rullering av trafikksikringsplan 2016            SIM – Ressurs- og miljøstrategi – uttale frå eigarkommunen            Tysnesfest – økonomisk støtte 2017 – 2019</p>
13. desember	<p>Plan for selskapskontroll for perioden 2016 – 2020            Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 – 2020            Avtale om syns- og audiopedagogisk teneste i Hordland            Kommunedelplan for vatn, avløp og vassmiljø –planprogram            Kommuneplan – rullering samfunnsdel planprogram            Prioritering av spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet 2017            Finansforvaltning – Rapport pr. 30.11.2016            Fritak frå politiske verv            Budsjett 2017 – økonomiplan 2017 – 2020</p>

Når me ser av den politiske sakslista ser me at kommunereform også våren 2016 var eit viktig tema. Tidleg på året vart det lagt fram framlegg til nytt inntektssystem og 18. mai 2016 gjorde kommunestyre vedtak om å heller ikkje går vidare med ein mogleg avtale kring Bjørnefjorden. I kommunestyre sitt møte i juni vart saka konkludert med at Tysnes også i fortsetjinga vil halda fram som eigen kommune. I september 2016 vart det lagt fram ei høyring om nye oppgåver til større kommunar, endringar i oppgåvedeling synes likevel ikkje å vera slik at det endrar føresetnadene i kommunestyre sitt vedtak om å stå åleine.

Forutan kommunereform skjer det også reformer i den statlege forvaltninga og justeringar av oppgåvedeling mellom forvaltningsnivåa. I den samanheng er nærpolitireforma ein av dei viktigaste reformene, men me ser også at det ligg endringar i tjømda opp mot barnever og brann for å nemna noko. Det vart også lagt fram ei høyringssak knytt til tvistemekanismar mellom stat og kommune. Ein del av desse vil få vidare oppfølging i inneverande år. Når me innom forvaltningsendringar må me også nemna høyringsframlegg til ny kommunelov som vil vera

Innretning av havbruksfondet var ei sak det har knytt seg stor spaning til i kommunen vår, me merkjer oss at denne vart avklara i 2016 sjølv om me primært kunne tenkt oss ein anna modell for dette så vert det interessant å sjå om veksten i næringa også kan generera noko framtidige inntekter for kommunen.

På kontrollutvalet sitt område vart det både gjort ny avtale om sekretariatstenester og revisjon, det vart også lagt fram ein rapport knytt til forvaltningsrevisjon av plan og byggesak. Rapporten vil vera ein viktig føresetnad i utvikling av desse tenestene vidare. Det vart elles lagt fram planar og dokumentasjon for utvikling av andre kommunale tenester slik som kulturskulen, beredskap for avdekking av vald og seksuelle overgrep med vidare.

Innanfor planområde er det særskilt å merkje seg at me har meldt oppstart av kommuneplanen sin samfunnsdel og at sentrumsplanen for Våge endeleg kom til vedtak. Dette er vonleg ei vasskilje som peikar fram mot ein ny og kraftfull arealplan som tek inn over seg samfunnsutviklinga og kan leggjast til grunn mot ei ny tid..

Dei andre sakene som er ført inn i tabellen over er for å visa breidda i arbeidet, nokre av dei vert naturleg kommentert seinare i årsmelding og nokre av dei vert det ikkje.

Kommunestyret vedtok i møte 10.10.06 eit system for oppfølging og effektivering av politiske vedtak.

Me har ikkje fått meldingar frå etatane om spesielle utfordringar med konkrete vedtaksoppfølgingar. Generelt er det ofte slik at ein del oppgåver av heilt naturlege grunnar vert gjennomførte over fleire år. Me kjem kanskje oftast bort i det i ulike investeringsprosjekt, men det kan også gjelda meir driftsrelaterte forhold.

Me ser likevel grunn til å nemna to politiske føringar som ikkje er fylgt opp godt nok.

1) Utreiing av asylmottak på Hovland

Denne saka synes lite aktuell då dei samfunnsmessige føresetnadene som var i 2015 ikkje lenger er til stades.

2) Klassifisering av kommunale vegar.

I samband med budsjettføresetnadene så ligg det inne at det skulle vore fremja ei sak kring dette i 2016, me har gjort ein del vurderingar her, men det synes lite aktuelt å gjera vesentlege endringar.

### 3.2 Prosjekt

I 2016 har arbeidet med bygging av Tysnes omsorgssenter vore fyrste prioritet i handteringa av Tysnes kommune sine investeringsprosjekt. Arbeidet på byggeplassen starta i februar 16, noko seinare enn premissane som låg til grunn då økonomiplanen blei utarbeida.

I slutten av mars vart det bestilt førebuing for tredje etasje på sjukeheimsfløyen på omsorgssenteret. Dette førebur bygningsmassen og muliggjer ei bygging av tredje etasje på det eksisterande bygget.

I april og mai i 2016 møtte prosjektet utfordringar då det vart avdekka at det var grove feil i boniteringsgrunnlaget som gjorde at det var mykje meir lausmassar på tomte enn forventa og berekna inn i tilbodet frå totalentreprenør. Sidan Tysnes kommune er byggherre med ansvar for tilbodsgrunnlaget medførte dette ei endringsmelding frå totalentreprenøren og ein vesentleg auka kostnad i prosjektet. Dette vart handtert i tett samarbeid med totalentreprenør med eit felles mål om å avgrensa forseinkinga og kostnadane knytt til denne saka.

Desse to endringane i føresetningane utgjer ein kostnad på om lag 8,7 millionar kroner som er belasta posten for uføresette kostnader i kalkylegrunnlaget.

Utanom denne saka har prosjektet med nytt omsorgssenter gått etter oppsette planar og styrar mot ei overtaking av bygget 20. oktober 2017. I løpet av 2016 vart råbygg for alle bygningsdelar ferdigstilt og delar av bygningsmassen fekk status tett bygg.

I tillegg til Tysnes omsorgssenter har me i år også arbeida med følgjande prosjekt:

Tab. 3.3. Prosjektoversyn	2015	2016
Tysnes omsorgssenter - Utbygging		Oppstart
Energiløysing nytt omsorgssenter (Nærvarmeanlegg)	Under arbeid	Avslutta
Henningshagen bustadfelt	Oppstart	Avslutta
Renovering Tysnes skule		Avslutta
Hovudplan vatn, avløp og vassmiljø		Oppstart
Omsorgsteknologi	Oppstart	Under arbeid
Trafikksikring av området rundt Uggdal skule og Stjernereiso barnehage		Oppstart
Rehabilitering av kontor og verkstad i Eredalen		Avslutta
Planering og tilrettelegging for brannstasjon i Eredalen		Oppstart

Energiløysing i forbindelse med nytt omsorgssenter vart greia ut i 2016, men blir ikkje vidare realisert i samsvar med vedtak i formannskapet den 23. november 2016. Utgreinga la opp til eit prosjekt med eit kogeneratoranlegg forsynt med treflis som leverar varme og straum til bygga i området mellom omsorgssenteret og rådhuset. Dette skulle også kombinerast med eit solcelleanlegg på taket av omsorgssenteret.

I Henningshagen bustadfelt har Tysnes kommune formelt vore byggherre, men utbygginga er gjennomført av Onarbu. Tysnes kommune har hatt ansvaret for kontrahering av entreprenørar og har følgd prosjektet fortløpande. Bustadfeltet stod ferdig i slutten av 2016 og Tysnes kommune overtok vegar og avlaupsanlegg.

Sommaren 2016 vart det gjennomført renovering av formingsromma og naturfagsrommet ved Tysnes skule. Det blei etablert punktavsug i over kva arbeidspult i naturfagsrommet og nytt avsug i sløydalen. Det blei også byta ut ein heil del inventar samt vøling av det bygningstekniske.

Arbeidet med revisjon av kommunedelplan for vatn, avlaup og vassmiljø starta opp hausten 2016. Førre hovudplan for avløp var utarbeida i

2000 og førre hovudplan for vatn vart utarbeidd i 1998. Arbeidet skjer i samarbeid med Uggdal Vasslag og Tysnes Vassverk og vil fortsetja i 2017.

Omsorgsteknologi blir eit satsingsområde for Tysnes kommune kommande år. I forbindelse med bygging av nytt omsorgssenter er det heilt naturleg og naudsynt og leggja til rette moderande teknologi for å møte dei nasjonale utfordringane i pleie- og omsorgssektoren. Det vart derfor eit eige prosjekt i 2016 med mål om å avdekka behova innanfor dette feltet og lysa ut ein konkurranse på levering av omsorgsteknologi til sjukeheim og open omsorg.

Trafikksikring av området rundt Uggdal skule og Stjernereiso barnehage byrja hausten 2016 og vil fortsetja ut i 2017. Prosjektet går ut på å sikra ein god og oversiktleg trafikkflyt i forbindelse med levering i barnehage og busstrafikk til skulen.

Rehabilitering av kontor og verkstad i Eredalen er eit mindre prosjekt der kontorlokala vart noko renoverte og det var tilrettelagt kontorlokale for Tysnes Vassdrift.

Planering og tilrettelegging for brannstasjon i Eredalen hadde oppstart i 2016 der overskotsmassar frå utbetringa av Holmalia vart brukt. Dette arbeidet gjer betre nytte av kommunen sitt areal i området, og vil gjer det mogleg å etablere ein rubbhall til teknisk drift når brannstasjonen vert flytta til Eredalen.

### 3.2.1 Digitalisering

Digitalisering er etter kvart vorte eit så gjennomgåande tema at me ser at det kan vera hensiktsmessig å nytta litt eigen plass på det i årsmeldinga. 16.12.2016 sende Kommunal- og moderniseringsdepartementet brev til alle ordførarar og rådmenn ut med tittelen «Digitalisering i kommunal sektor»

Her står det mellom anna:

*«Regjeringen har tatt initiativ til et offensivt og målrettet arbeid med å fornye, forenkle og forbedre offentlig sektor. Digitalisering er en vesentlig del av dette arbeidet. Fremover må stat og kommune samarbeide mer og bedre for å tilby innbyggere og næringsliv gode, brukervennlige og helhetlige digitale tjenester.»*

I brevet viser dei til følgjande område:

Mer helhetlige løsninger

Digital postkasse til innbyggere

ID-porten

[eForvaltningsforskriften](#)

«Én innbygger, én journal»

Altinn for kommunene

Bruk IT-standarder

Ny løsning for Offentlig Elektronisk Postjournal (OEP)

Kommunale veiledningstilbud

Kommunestruktur og IKT

Dei viser mellom anna til Meld. St. 27 (2015–2016) «Digital agenda for Norge — IKT for en enklere hverdag og økt produktivitet» og [«Digitaliseringsrundskrivet» \(rundskriv H-09/2016\)](#)

Tysnes kommune har i fleire år arbeidd med å digitalisera ulike prosessar i kommune. Ein stor digitaliseringsjobb var med nytt økonomi- og lønssystem med innføring av elektronisk faktura, elektronisk attesting og tilvising av faktura, elektronisk reiserekning, elektroniske timelister frå turnussystemet til lønssystemet. I tillegg er det ikkje så mange år sidan me innførte digitale politiske møte.

I 2016 har Tysnes kommune innført følgjande

Elektronisk tidsregistrering for alle tilsette med fleksibel arbeidstid (ca. 80 tilsette). Gjennom dette systemet har ein innført elektronisk søknad om ferie og permisjonar, elektronisk eigenmelding, elektronisk godkjenning av overtid med meir.

Barnehagane overfører elektroniske lister for variabel løn direkte til lønssystemet

Ein har starta opp med utsending av elektronisk post til private og verksemdar.

Skulane har starta opp arbeidet med å få til elektronisk timeregistrering, fakturering av elever ved SFO og digitalt arkivsystem.

Gjennom ny heimeside kan ein gjera ein del søknader digitalt. Desse søknadane vert elektronisk overført til sak og arkivsystemet.

Styrings og kommunikasjonssystem for barnehagane.

Elektronisk gjennomføring av anbodskonkuransar.

Tysnes kommune er kome langt i dette arbeidet og ein har fleire planar for vidare digitalisering i 2017

### 3.3 Planarbeid

Frå og med september i 2015 har me omsider fått dekkja inn stillinga som arealplanleggjar i Tysnes kommune, stillinga er delt mellom kommunen si eiga planlegging og forvaltningsoppgåver. Me har hatt full nytte av stillinga i meldingsåret. Rammeavtalen med Omega Areal går no ut, men dei vil fullføra påbyrja arbeid.

Kommunestyret vedtok i 2016 ny planstrategi som gjev retning til kommunen si planlegging i denne valperioden.

Det vart i 2016 gjort oppstart og arbeid med viktige kommunale planar, ein av dei planane som er kome lengst er trafikksikringsplanen som no ligg på høyring. Det har vore godt engasjement til denne planen.

Arbeid med kulturminnplan held fram i 2017, tilsvarande gjeld for kommunedelplan for vatn og avlaup.

I 2015 vart det meldt oppstart for planlegging av eit nytt bustadområde i Uggdal, området ligg svært godt plassert med gode nærliggjande naturkvalitetar. Arbeidet har ikkje gått så raskt som me har hatt von om, men alt ligg til rette for at me får på plass eit planframlegg i løpet av første halvår i år. Omega Areal er samarbeidspart i dette planarbeidet.

Sentrumsplan for Våge vart vedteke i november 2016 trass i at Fylkesmannen har varsla motsegn mot planen, dette betyr at planen går til departementet for endeleg avklaring. Me har tru på at departementet vil konfirmera vårt vedtak då me ikkje kan sjå at planen strir mot viktige nasjonale interesser.

Det har vore arbeidd med utbyggingsplanar også i 2016, me har von om at me i løpet av inneverande år kan få på plass ein slik avtale for Krokjen-Lande.

Gjennom samarbeidsrådet for Sunnhordland deltek kommunen i ein interkommunal strandsoneplan for Sunnhordland. Når denne er godkjent vil den vera eit viktig verkty i samband med rullering av kommuneplanen. Fylkesmannen kom med ei overraskande motsegn til planen og det har ikkje lukkast å ferdigsstilla arbeidet p.t. Det er von om at arbeidet kan ferdigstillast i løpet av hausten 2017. Det har teke lang tid og det kan kanskje stillast spørsmål ved nytteverdien om det skal forhandlast fram ei løysing med Fylkesmannen.

Det er også viktige statlege og regionale planar i tjømda som vil ha stor innverknad på Tysnes. Den viktigaste planen her er plan for framføring av E39. Planframlegget kom til kommunane i slutten av førre år og kommunestyret handsama dette i ekstraordinært møte januar dette år. Planen gjev eit viktig og naudsynt bakteppe for vårt arbeid med neste generasjon kommuneplan. Av regionale planar det har vore arbeidd med i 2016 kan me trekkja fram regional kystsoneplan og regional transportplan. Regional kystsoneplan har kommunen vore negativ til og ser at det er ein plan som vil verkja til å sementera dagens plan for kystsona, me har endå von om at fylkeskommunen ikkje vedtek dette som ein plan. I høve regional transportplan har me gjennom Samarbeidsrådet i Sunnhordland medverka i planlegginga, planframlegget ligg no til høyring.

Til slutt vil me nemna at plan for idrett, friluftsliv og kulturanlegg i Sunnhordland 2016 – 2020 har vore til handsaming hjå oss og i dag er vedteke av Samarbeidsrådet. I løpet av 2017 må me sjå på rullering av vår eigen kommunedelplan for idrett og kultur.



## 4. TENESTEOMRÅDA

I følgjande kapittel vil me kort gå gjennom dei ulike tenestekområda, gjennomgangen vert gjort etter budsjettkapitel.

### 4.1 Sentraladministrasjonen

Sentraladministrasjonen har m.a. følgjande arbeidsoppgåver:

- saksførebuing og oppfølging for politiske organ
- overordna styring vis à vis etatane
- ekspedering av saker
- driftsansvar for kommunen sine økonomifunksjonar
- oppsyn med fellestenestene
- Kultur
- Næring
- Plan

Ein del av sentraladministrasjonen sine arbeidsområder er naturleg omtala gjennom kapitla økonomi, politikk og utvikling og personal.

#### 4.1.1 Post og arkiv- fellestenesta

I samband med ombygging av rådhuset, vart det ved hovudinngangen i 1. etasje lagt til rette for ein ny funksjonell resepsjon. Alle støttetjenestene frå etatane vart samla i Fellestenesta som ligg i tilknytning til resepsjonen. Drift av resepsjonen er ein del av oppgåvene til fellestenesta.

Det er ikkje tvil om at i samband med ombygging og omorganisering, er det nok denne tenesta som publikum har lagt mest merke til og som me har fått gode tilbakemeldingar på.

Fellestenesta handterer all inngåande og utgåande post for rådhuset. Arkivet for alle einingane er no samla i tilknytning til fellestenesta. På slutten av 2015 vart det gjort eit stort arbeid i sak- og arkivsystemet vårt, ESA, med å tilpassa til ny styringsstruktur og felles arkiv. I samband med dette er det også lagt til rette for å få ei betre hand med arkivverdig materiale på ulike tenesteiningar. I tillegg til dette arbeidet vart det også lagt til rette for elektronisk utsending av dokument direkte frå sakssystemet. Dette arbeidet er fylgt opp vidare i 2016 og vil verta arbeidd med også i 2017.

I mai tok kommunen i bruk kommunen i bruk KS – kommunenes sentralforbund - si løysing med digital utsending til Altinn. Seinare er også løysinga lagt til rette for Digipost og Eboks. No sender kommunen mesteparten av sine brev ut elektronisk. Dette er ei stor endring og endringa er også fylgt opp med justering av rutinar og retningsliner i kommunen sin arkivplan.

I haust vart også sak- og arkivsystemet, ESA, lagt til rette for arbeid med milepæler i plan- og bygg. Dette skal gjera arbeidet lettare for sakshandsamarane som arbeider opp mot plan- og bygningslova. Milepæler er faste delmål i eit større prosjekt.

Digitalisering av Tysnes kommune går no fort og vil venteleg berre gå raskare frametter, me ser at dette også presser fram ei løysing der me truleg bør gå over til digitalt arkiv. Dette gjeld både på sak og arkivsystemet vårt, men også innanfor ulike fagsystem slik som til dømes barnevern og sosial. Systema har ulik tilrettelegging for slike løysingar, med det vert fortløpande arbeidd med det.

#### 4.1.2 IT

IT-løysingane på rådhuset har også i 2016 vore stabile og med ei høg oppetid. Dei problem me har hatt her, har vore knytt til bortfall av telesamband og straum.

Brot i telesambandet skapar problem for den daglege drifta innan IT-løysingane. Særleg alvorleg er at HelseNett oftast også vert ute av drift når telesambandet er nede. Dette er alvorleg ut frå at stadig meir informasjon til og frå legesystemet går elektronisk via HelseNett. Døme er e-resept og lab-svar frå Haukeland. Inntil no har ikkje Norsk HelseNett kunna tilby reserveløysingar når det ordinære nettet er nede, men me er i dialog med dei for å finna betre løysingar. I samband med nytt omsorgssenter vert det lagt opp til ei spegling av infrastrukturen på IT noko som monaleg vil betra tryggleiken på dette viktige område.

Brot i telesamband/fiber til rådhuset og straumbrot, er dei 2 største utfordringane me har innan IT i dag. Den 3. største utfordringa er opplæring. Me ser i den daglege drifta at det er trong for meir opplæring innan bruk av IT-system. Dette gjeld både generell datakunnskap og kunnskap om bruk av fagprogram. Større ferdigheter innan databruk vil nok gjera det mykje lettare å kunna realisera gevinstane av dei ulike datasystema.

Mål frametter innan IT er auka digitalisering og bruk av IT til å betra tenesteytinga vår. Me bør ha som mål at digital samhandling, både internt og eksternt, vert det føretrekte førstevalet. Dette ut frå at me bør ta sikte på å kunna tilby så gode digitale løysingar, at desse vert enklare og betre å bruka enn tradisjonell papirbasert kommunikasjon.

Me er i gang og i 2016 starta Tysnes kommune opp med digital utsending av brev frå saksystemet ESA via KS sitt SvarUT. Me har så langt hatt gode erfaringar med dette. Me vil følgja med i utviklinga innan dette området frametter.

#### 4.1.3 Innkjøp

Tysnes kommune har sidan 1996 vore knytt til Sunnhordland Interkommunale Innkjøpsforum saman med kommunane Bømlo, Fitjar, Kvinnherad og Stord. Stord kommune er vertskom-mune. Kommunane har eit godt etablert samarbeid mot Haugalandet, Hardanger og Hordaland fylkeskommune. Samla sett gjev dette samarbeidet oss både god kompetanse og fleire ressursar på innkjøp

I tillegg til alle felles anbodskonkurransane som Tysnes kommune er med på, har Tysnes kommune i 2016 gjennomført mange eigne anbodskonkurransar mellom anna knytt til nytt ventilasjon Haugen bufellesskap, konsulent for utarbeidinga av trafikksikringsplan, hovudplan for vatn og avlaup og for gjennomføring av anbodskonkurransar på omsorgsteknologi m.m. Me har også fått tilgang til elektronisk konkurransegjennomføringsprogram (KGV). Dette gjer arbeidet med anbodskonkurransar mykje enklare og i 2016 har me ikkje fått tilbod på papir.

Økonomikontoret arbeider kontinuerleg med å få leverandørar til å levera elektronisk faktura. I 2015 fekk me om lag 75 % av innkomne faktura elektronisk og i 2016 auka dette til litt over 80 %. Målet er fortsatt å komma så nært 100 % som mogeleg.

Arbeidet med fakturakontroll er også eit kontinuerleg arbeid. Me har fått mange «falske» faktura i 2016, men våre attestantar er flinke til å stoppa desse og få dei sletta eller kredittert.

#### 4.1.4 Eigedomsskatt

Også i 2016 var eigedomsskattesatsen 3,8 promille. Også i 2016 vart investeringsfondet auka med om lag 1,2 mill til 6,4 mill. I løpet av dei næraste åra må me ta stilling til gjennomføring av ny taksering av skatteobjekta.

#### 4.1.5 Samfunnstryggleik og beredskap

I 2016 har me hatt fleire varsel om uvær som har medført at kommunen har satt i verk tiltak for å vera best mogeleg førebudd på verst tenkjelege scenario. Det inneberer varsel til innbuarane, klargjering av naudaggregat, auka vaktstyrke, koordinering med Tysnes Kraftlag, Politi, legevakt, brann etc. Heldigvis slapp me større skadar i desse uvera.

Samarbeidet med Tysnesfest om beredskap var godt også i 2016. Det vert lagt ned mykje godt arbeid for at ein skal vera mest mogeleg budd på uønskte hendingar under Tysnesfest, me opplever at beredskapsorganisasjonen til Tysnesfest er profesjonell og godt rusta.

I 2016 vart det ikkje arrangert noko Øving Hordaland, utover at det vart gjennomført Øving Lyneld som er ei øving knytt til varslingsrutinar og oppfølging av varsel om beredskap.

Arbeidet med oppdatering av overordna ROS analyse for Tysnes kommune starta i 2016 og ny overordna ROS-analyse vert lagt fram for politisk godkjenning våren 2017. Dette gjeld også overordna beredskapsplan for kommunal kriseleing (KKL).

Generelt har det dei seinare åra vore eit høgt fokus på samfunnstryggleik og beredskap i verksemda og me meiner at me har klart å trekkja læring ut av dei fleste situasjonar me har kome opp i, anten dei er reelle eller øvingar.

#### 4.1.6 Klima og energi

I 2011 vart det vedteke klima- og energiplan for Tysnes kommune. Under tiltak 6.1 i planen heiter det at tiltak som verkar til å redusera klimagassutslepp eller redusera energibruk skal takast opp i årsmeldinga.

I klima- og energiplanen er det retta fokus mot overgang til elektroniske løysingar, dette punktet har hatt god merksemd i organisasjonen. Det vart i 2016 mellom anna arbeidd me løysingar for elektronisk post, faktura med vidare.

Tysnes kommune har medverka til å leggja til rette for lågare utslepp innan transport ved å yta støtte til etablering av hurtigladestasjon i Våge, dette er seinare fylgt opp gjennom tilsegn også til Onarheim.

I høve nye investeringsprosjekt skal det leggjast til rette for energiøkonomisering, dette er lagt til grunn både i forprosjekt for nytt omsorgssenter og Tysnes skule. Det har vore arbeidd med eit omfemnande prosjekt knytt til energiløysing i samband med dette, det vart også tildelt stønad frå Enova. Dessverre vart prosjektet for dyrt og risikofylt for ein liten kommune som vår.

#### 4.1.7 Økonomi og løn

Veksten i inngåande EHF-fakturaer som me har opplevd dei to siste åra ser ut for å stabilisere seg gjennom 2016. Gjennom året har andelen av fakturaer som kom elektronisk vore 68%, mot 66% i 2015. EHF fakturaer sparar oss for mykje manuelt arbeid, samstundes som fakturainformasjonen vert overført til oss raskt og presist.

Den nye ordninga rundt A-melding på løn går greitt. All rapportering til NAV, Skatteetaten og Statistisk sentralbyrå blir no levert i ei felles elektronisk melding – samstundes til alle tre etatar. A-meldinga gjer arbeidet rundt det tradisjonelle årsavslutninga enklare ved at inn rapporteringa krev at ein er ajour månad for månad gjennom året.

I 2016 har me oppgradert ERP-systemet vårt (økonomisystemet Agresso) til nyaste versjon. Årsaka til dette er at den tidlegare versjonen me nytta ikkje lenger vart støtta frå leverandøren si side. Den nyaste versjonen gjev oss dessutan nye mogelegheiter til å ta i bruk nye løysingar.

Personellmessig har me no det mannskapet som er nødvendig for å utføre oppgåvene som er tillagt økonomi og løn. I løpet av 2016 er lønssida blitt styrka med ei stilling som er delt mellom løn og personal samt fellesteneste. Dette gjer oss mindre sårbare på området.

#### 4.1.8 Næring og reiseliv

Ordførar, varaordførar og næringskonsulent arbeider kontinuerleg med næringsutvikling. Me driv både oppsøkjande arbeid i høve til etablerte næringsverksemder i kommunen og møter med personer som har idear og ønskjer om å starta eigne verksemder. Me har i 2016 vitja omtrent 15 etablerte verksemder for å få informasjon om stoda i verksemda, utfordringar framover og eventuelle planar for vidareutvikling.

Tysnes kommune nyttar også Atheno som 2. linje tenesteleverandør både mot enkeltpersonar, etablerte verksemder og for å gjennomføra kurs. Samarbeidet med bl.a. Innovasjon Norge og Fylkesmannen fungerer godt og Tysnes er ein av kommunane som opplever størst trykk i arbeidet med gründere.

I 2016 har 5 gründere fått til saman kr. 160.000 av ein totalramme på kr. 792.000 frå regionalt næringsfond via Samarbeidsrådet for Sunnhordland. Tysnes kommune er dermed den kommunen i Sunnhordland som har motteke mest midlar frå fondet målt i forhold til folketalet. Samarbeidet med landbrukskontoret om næringsutvikling har også vore nyttig.

### Reiseliv

Tysnes sine sider i Sunnhordland Guide vart oppdatert. Turistinformasjonen fekk utbetalt driftstilskot i samsvar med avtale for 2016 med Våge hamn. I år var det Mandelhuset som drifta informasjonen etter avtale med Våge Hamn, røynslene frå dette er gode. Turistinformasjonen registrerte totalt 4078 turistar i 2016 mot 509 registrert i fjor. Turistane representerte totalt 32 land, der andelen turistar frå Norge naturleg nok var størst etterfylgt av Tyskland (475) og England (52). Turistinformasjonen er lagt til båthamna og her vart det registrert totalt 2952 gjestedøgn i 2016.

Det er teke eit politiske initiativ knytt til samordning av reiselivsnæringa på Tysnes, det har vore ei arbeidsgruppe som har arbeidd med dette med støtte frå varaordføraren. Arbeidet er ikkje kome til ein klar konklusjon ennå.

### 4.1.9 Kultur, idrett og friluftsliv

Sentrale oppgåver er m.a. tilskotsordningar, kulturformidling, generelt kulturarbeid, friluftsliv, reiseliv, koordinering og planarbeid.

### Barne- og ungdomsarbeid

Tysnes ungdomsråd har vore aktive og fungerer fint med godt frammøte, spesielt gjeld dette etter valet i haust. Ungdomsrådet deltok med 2 representantar på Ungdommens fylkesting og 4 på den årlege nettverksamlinga til fylkestinget. Ein av desse er valt som representant i Ungdommens fylkesutval i Hordaland. Administrasjonen har sekretærfunksjon/kontaktperson i ungdomsrådet.

Tysnes var representert med 8 deltakarar på UKM (UngKulturMøtes) –festivalen under fellesmønstringa på Stord mellom Bømlo, Fitjar, Stord og Tysnes. Ungdommane deltok innan kategori for kunst, pop og poprock. Flott innsats og alle «våre» deltakarar gjekk vidare til Fylkesfestivalen i Bergen og 2 gjekk vidare til UKM- landsfestivalen i Trondheim.

### Kulturvern

Kommunen er medlem av Sunnhordland museum og betaler ein fast sum per innbyggjar i kontingent.

Venelaget for jåttmuseum fekk 12 000 i tilskot.

Kommunen har fornya leigeavtale med Årbakka Handelsstad fram til og med 2019, leige er auka frå 12 000 til 20 000 pr år. Kommunen har høve til å disponera Sjøhuset i inntil 3 gonger pr. år, bruke parkeringsareal, gangveg og kaiområde. Handelsstaden fekk i tillegg tilskot til drift for sommarsesongen.

Arbeidet med kulturminneplanen start med eit fellesmøte mellom kommunen, arbeidsgruppa, fylkeskonservator og inviterte bygdelag og grendelag. Fleire av bygdelaga er komne med innspel etter samlinga. Mellom kommunen og Tysnes sogelag vart det inngått avtale om at laget tar ansvar for registrering av kulturminne. Kurs om registrering av kulturminne vart gjennomført der representantar frå kulturseksjonen i Hordaland, sogelaget, eigarar og arbeidsgruppa deltok. Registreringa av kulturminne og planarbeidet har teke lengre tid enn først berekna. Arbeidet vert ferdig i 2017.

### Kulturformidling

Kulturkyrkja på Onarheim og Kulturløo på Drange fekk underskotsgaranti i samband med arrangement. Det årvisse tilskotet til drift av kino vart vidareført. Kulturprisen vart tildelt Bjarne Nygård.

### Idrett

Det har vorte arbeidd med stønadsordningar, anleggsregistrering, kulturmidlar, spelemidlar, søknader og sekretærarbeid for Tysnes Idrettsråd. Tysnes ski- og friluftssenter, servicebygg fekk tilsegn om kr 522 000 i spelemidlar og Apalvika friluftsområde, sandvolleyballbane, fekk tilsegn om kr 155 000.

Arbeidet med revidering av kommunedelplan for idrett og friluftsliv må prioriterast.

### Friluftsliv

Som ei vidareføring av prosjektet «Vandring Tysnes» vart det laga eit turkart, der alle dei 33 merka og graderte turstigane, totalt 156 km, vert merke på kart og informert om med tekst og utvalte foto. Prosjektet har hatt eit todelt siktemål. Lokalt: Få fleire til å nytta naturen, auke trivsel, aktivitet og indirekte betre folkehelsa. Regionalt/reiseliv: Gjere Tysnes meir attraktiv for turistar, ferierande og hytteeigarar.

Kommunen er medlem av Bergen og Omland Friluftsråd og betaler ein fast sum per innbyggjar i kontingent. BOF held ved like 10 område.

I prosjektet kartlegging og verdsetting av friluftsområder i Hordaland vart den lokale arbeidsgruppa ferdig med kartlegginga og verdsettinga av friluftsområder i Tysnes. Skrivning av rapport og klargjering av kart gjenstår og må ferdigstillast. Bergen og Omland Friluftsråd leiar prosjektet.

### Allment kulturarbeid

Følgjande tilskotsordningar vart handsama og midlar fordelte: Kulturmidlar, underskotsgaranti, leiaropplæringsmidlar og midlar til ungdomslaga. Tysnesfest fekk direkte tilskot.

Tysnes kommune har vore representert i arbeidsgruppe for utvikling av Onarheim kulturkyrkje, Hegglandgruppa 2019 og koordinator for Kystsovekevene. I samarbeid med lokale lag deltok kommunen med 6 ulike arrangement under Kystsovekevene/Kulturminnedagane i perioden frå 13. august til 18. september.

Det er viktig at ein sikrar eit godt samarbeid mellom kommunen og lag og organisasjonar, legg til rette for eit godt eksistensgrunnlag for laga og at ein stimulerer laga til å læra opp leiarar. Det langsiktige arbeidet bør rettast mot kultur- og friluftaktivitet, kulturminne, planarbeid og kulturbasert næring.

#### 4.1.10 Folkehelse

Partnerskapsavtalen mellom Hordaland fylkeskommune og Tysnes kommune, vart fornya og Tysnes fekk tildelt 75 000 i stimuleringsmidlar. Prosjektet er forankra i Lov om folkehelsearbeid med formål å bidra til ei samfunnsutvikling som fremjar folkehelse og utjamnar sosiale helseforskjellar.



Til prosjektet «Trivsel Tysnes» vart det løyvt 30 000 i tilskot til Njardar/Tysnes IL. Idrettsglede, mestring, integrering, samhald og fysisk aktivitet står sentralt i prosjektet.

Det å finne aktivitetar og interesser som opplevast som meningsfulle er også viktig for å nå måla om god folkehelse. Kulturlaga og idrettslaga i kommunen gjer eit viktig arbeid gjennom arrangement, aktivitetar og kurs og bidreg til at kunnskapen og aktivitetane vert tilgjengeleg for alle.

#### 4.1.11 Bibliotek

Tysnes folkebibliotek har i 2016 vore bemanna med 67 % stilling. Biblioteksjefen avslutta sitt arbeidstilhøve i kommunen ved slutten av året, det er vedteke at stillinga vert auka opp til 80 %, biblioteket står føre endringar i 2017, men dette må venta til ny biblioteksjef er på plass.

Mediebudsjettet var i 2016 var om lag på same nivå som tidlegare i samsvar med den gjeldande bibliotekplanen for kommunen. I tillegg til dei obligatoriske innkjøpa via Biblioteksentralen vart det teke sikte på å imøtekoma publikum sine ønskje både når det gjeld litteratur, lydbøker og andre medium.

I 2015 vart det også gjennomført digitalisering av den lokalhistoriske biletsamlinga ved biblioteket. Ca. 2000 bilete vart skanna og katalogisert og publisert på nett. Skanninga vart utført ved ei avtale om arbeidspraksis med NAV. Søkefunksjonen for biletsamlinga har så gjeve mange treff og bidrege til meir interesse kring lokal historie.

Verksemda vil i hovudtrekk halda fram som før. Tysnes folkebibliotek har dei siste åra hatt eit tett samarbeid med dei sju andre biblioteka i Sunnhordland, m.a. for å utnytta dei felles ressursane betre. Dette samarbeidet har heldt fram i 2016 med gode resultat, med fylkesbiblioteket som ein viktig samarbeidspartner, og har tilført biblioteket ressursar.

#### 4.1.12 Tysneshallen

Tysneshallen er i bruk omlag 135 timar kvar veke fordelt på skule på føremiddagar og ulike treningar på ettermiddag/kveld + kampar fleire helgar i sesongen. Samarbeid med dei ulike brukarane er godt og alle er med og bidreg til at hallen framstår så bra som den gjer – ryddig og utan hærverk av noko slag.

I tillegg til idrettsarrangement blir hallen nytta til mange ulike arrangement som t.d. dansegalla, konsertar, kulturskuleoppvisningar, utstillingar av ymse slag og private selskap; både dåp, konfirmasjonar og bursdagar. Dette visar at Tysneshallen er ein *Fleirbrukshall* – som tanken var då den vart vedteken bygd.

I 2016 vart det installert ny alarm. Denne vart sett i drift på hausten 2016. Det har vore nokre tilfelle av innbrot i hallen både i tida før den nye alarmen vart sett i drift. Det har heldigvis ikkje vore gjort skade eller hærverk inne i sjølve hallen – berre på dører som har vorte brotne opp. Det var og eit tilfelle av innbrot etter at alarmen var aktivisert – men utløyning av alarmen har nok gjort sitt til at det vart med det eine. All utløyning av alarmen blir varsla av Securitas og genererer utrykking av vaktmannskap får Tysnes kommune.

Me har i 2016 fått formalisert avtaler med alle sponsorane som har reklameplass i hallen. Me har og fått rydda opp i gamle, utgåtte avtalar og fått fjerna reklameskilt for bedrifter som ikkje lengre har avtale. Det er og sendt ut tilbud til omlag 15 nye bedrifter – so langt har 3 takka ja og har inngått avtale.

Det vart like før nyttår kjøpt inn ny golvvaskemaskin til Tysneshallen.

Tysneshallen fekk i 2016 tildelt kr. 150000 frå Tysnes kraftlag til lyd dempande tiltak. Det vart søkt saman med Tysnes Lydlag og Tysnes musikklag om støtte til innkjøp av lyd duk og montering av faste skinner i taket til oppheng av disse. Dette vil gjere konsertopplevinga for publikum mykje betre og lette arbeidet med å klargjere lokala for slike type arrangement. Tysnes Lydlag har hatt ansvar for innkjøp og montering. Arbeidet starta hausten 2016 og vart avslutta tidleg 2017.

## 4.2 Oppvekst

Oppvekstsområdet dekker fagområda skule, barnehage, PPT, kulturskule og vaksenopplæring.

### 4.2.1 Grunnskule

Me har 3 skular i kommunen fordelt på eit samla elevtal på 293 elevar.

Tab. 4.2: Utvikling av elevtal delt per skule	2012/13	2013/14	2014/15	2015/16	2016/17
Uggdal	85	88	86	97	105
Onarheim	18	22	27	20	27
Lunde	17	0	0	0	0
Tysnes mellomtrinn	68	81	82	80	71
Tysnes ungdomstrinn	120	120	104	90	90
<b>Elevtal</b>	<b>308</b>	<b>311</b>	<b>299</b>	<b>287</b>	<b>293</b>

Elevtalet har ei auke på 6 elevar. Personalet er stabilt, endringar skjer helst i samband med elevar som har trong for særskild oppfølging. Me får stadig fleire elevar med særskilde og samansette behov, noko som er ei utfordring m.o.t. assistent- og pedagogressursar.

Tab. 4.3 Elevtal og tal på lærarårsverk	2012/13	2013/14	2014/15	2015/16	2016/17
Elevtal	305	311	299	287	293
Årsverk	38,3	34,2	30	29,7	31,7
<b>Elevtettleik</b>	<b>8</b>	<b>9,1</b>	<b>10</b>	<b>9,7</b>	<b>9,2</b>

Mål for skulane er «Ein skule der kvar einskild elev nyttar sitt faglege potensiale og blir eit trygt og sjølvstendig menneske». Satsingsområda er «Vurdering for læring», «lese- og skriveopplæring» (Språkløyper)» og «LP-modellen» (læringsmiljø og pedagogisk analyse).

Skulane og barnehagane starta i haust ei satsing på språk gjennom *Språkløyper*. Lesesenteret ved Universitetet i Stavanger står bak denne nasjonale satsinga for språk, lesing og skriving som strekkjer seg frå 2016 – 2019. Dei ulike einingane har jobba seg gjennom ein del av dei nettbaserte “pakkene”. Læringsutbyttet er avhengig av vår eiga evne til å reflektera i lag over eigen praksis, og lytta til nyare forskning. Samtidig som me arbeider med å bli betre språklærarar, må me også ha fokus på læringsmiljø og stadig betre læringsresultat for elevane. Dette arbeider skulane med gjennom LP-modellen ( læringsmiljø og pedagogisk analyse). Modellen er enno ny for oss, så me er i ein læringsfase der me trener på ulike case. I tillegg held me fram med tidlegare satsingsområde som SOFYKOS (sosial kompetanse, fysisk fostring og sunt kosthald) og SOL (strukturert observasjon av lesing)

## IT

På ettervinteren vart alle maskiner i skuleverket, elev og lærarmaskiner oppgradert til Windows 10. Dette førte til meir nettbruk og stadig aukande trafikk i nettet som ofte gjekk ut over stabiliteten til trådlause klientar. På forsommaren oppgraderte Tysnes breiband utstyr på skulane og me fekk 100 mb trafikk både internett og eksternt.

På ettersommaren innførte barnehagane eit nytt elektronisk verktøy Vigilo. Dette førte til trong for utbygging i nettet på Stjernereiso. Vigilo er mellom anna berbare terminalar og krev derfor dekning over større område enn kontorplass og klasserom.

Det har vore arbeidd med nytt og meir moderne system for databruk i skulen. Både læringsplattforma ITs Learning og server/klientnett basert på Windows står fram som forelda og ressurskrevjande modellar for effektiv bruk av IT i opplæringa. Stadig fleire kommunar mellom anna Trondheim, Randaberg og Os nyttar skytenester og lette nettbrettklientar i opplæringa. Me er no i gang med ein pilot på Tysnes skule i 9. klasse med Chromebook og Google G-suite for education for alle elvane på trinnet. Me har grunn til å tru at dette systemet vil ta over for Windows/ITs Learning på ungdomstrinnet.

Tab 4.4 Nøkkeltal grunnskule	Tysnes					Kommune	Hordaland
	2012	2013	2014	2015	2016	gruppe	2015
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskolesektor per elev	140 489	136 643	136 618	140 870	<b>144 205</b>	133 731	120 810
Lønnsutgifter til per elev	109 524	105 581	105 327	108 300	<b>112 783</b>	103 033	90 678
Driftsutgifter til undervisningsmateriell per elev	2 105	2 422	2 000	1 924	<b>2 385</b>	1 881	1 523
Driftsutgifter til inventar og utstyr per elev	1 314	1 494	1 278	1 155	<b>601</b>	1 047	909
Gjennomsnittlige grunnskolepoeng	41	38,3	39,4	42,5	<b>41,2</b>	..	41,6

Onarheim skule. 1- 6. skule med p.t. 27 elevar. Skulen har rektor i full stilling og 2,7 lærarårsverk. I tillegg har dei assistent i 50% stilling. Onarheim skule har SFO-tilbod 4 dagar i veka. Onarheim skule har eit godt og oversikteleg elevmiljø. Det blir arbeidd godt, noko resultat frå *nasjonale prøver* viser. Sosial kompetanse og fysisk aktivitet er timeplanfesta og det er særleg fokus på førebygging av mobbing.

Uggdal skule. 1.-4. skule med 105 elevar og 5 klassar. Skulen har rektor i full stilling, 7,85 lærarårsverk det er 7 årverk på fagarbeidar/assistentnivå. Skulen gjev tilbod om SFO alle dagar. Skulen legg vekt på eit inkluderande miljø både for små og store, og er ein triveleg arbeidsplass både for elevar og tilsette. Det vert satsa på samarbeid og deling, og dette munnar ut i mykje spanande sosialt og kulturelt samarbeid. Skulen har fokus på «*tidleg innsats*», for å sikra at dei får den hjelpa dei treng så tidleg som mogleg dersom det viser seg at dei har utfordringar på særskilte område.

Tysnes skule. 5.-10. skule med 71 elevar på mellomtrinnet og 90 elevar på ungdomstrinnet. Skulen har rektor, inspektør og rådgjevare i tillegg til 20 lærarårsverk. Tysnes skule gjennomførte Elevundersøkelsen hausten 2016. Undersøkinga viser at elevgruppa har generelt god trivnad. Læringsmiljøet er godt, og det vart ikkje registrert alvorlege mobbesaker. Det er også svært positivt at elevane i ungdomsskulen melder at læringsmiljøet og oppfølginga frå personalet er sær bra og signifikant betre på Tysnes skule enn i Hordaland og resten av landet.

### Nasjonale prøver:

Hausten 2016 presterte 5. trinn godt over fylkes- og landsgjennomsnittet på nasjonale prøvar i lesing, engelsk og rekning. Elevane si fordeling på dei ulike dugleiksnivåa er og noko høgare samanlikna med fylket av landet. Dette er ein flott framgang i samanlikna med tidlegare.

Når det gjeld 8. trinn presterte dei over lands og fylkesnivå på nasjonalprøve i engelsk. Resultata i rekning viste at dei ligg under både fylkes og landsgjennomsnittet. I lesing ligg 8.klasse ved Tysnes skule likt med lands og fylkesgjennomsnittet.

Resultata i rekning for 9. trinn viser at me ligg over fylkes og landsgjennomsnittet. Det er få elevar som presterer særsvakt. Desse skårar også godt over fylkes og landsgjennomsnittet i lesing. Det er ingen elevar som skårar på lågaste nivå

### 4.2.2 PPT

Tysnes kommune kjøper tenester frå Os PPT, tilsvarande ei heil stilling. Større PPT-kontor har tilgang på fleire typer tenester, noko som kan vera vanskeleg å få til i ein liten kommune.

### 4.2.3 Spesialundervisning

Talet på spesialundervisning er framleis høgt. Me ynskjer å dreia all undervisning til «tilpassa opplæring», der alle elevar får undervisninga på sitt nivå (Opplæringslova § 1.3.). Dette er nedfelt i «Plan for tilpassa opplæring, spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp i Tysnes kommune». Tanken bak dette er å auka lærartettleiken/assistentbruken særlig hjå dei yngste elevane våre, så ekstra pedagog/assistenttimar kan brukast fleksibelt og der det er mest trong for det. Spesialundervisning bør berre tilråast i heilt særskilte tilfelle.

Tab 4.5: Elevar med spesialundervisning	2012	2013	2014	2015	2016	Komm.gr. 2	Hordaland
Andel elevar i grunnskolen	11,4	12,5	12,7	10,1	10	8,7	7,2
Andel elevar 1.-4. trinn	10,9	13,7	13,3	6,4	6,7	6	4,8
Andel elevar 5.-7. trinn	12,3	13,5	15,6	13,8	13,3	10,2	8,5
Andel elevar i 8.-10. trinn	11,1	10,8	9,6	11,2	11,2	10,7	9,3
Andel timar spesialundervisning av antall lærertimar totalt	26,8	22,7	26,6	19,7	15,9	16,7	16,5

Av tallen ser me ein svak nedgang i andelen elevar med spesialundervisning frå 2012 til 2016, men me ser ein markert nedgang i det relative timetalet nytta til spesialundervisning. Samanlikna med gjennomsnittet i kommunegruppa vår og i Hordaland så ser me at me har ein større del elevar som får tilbod om spesialundervisning, men andel timar til spesialundervisning opp mot totalt lærartimetal er likevel lågare i kommunen vår. Me ser elles at me har høgare elevandel særskilt på små- og mellomtrinnet, det er konsistent med målet om å gje tilbod på lågast mogleg nivå.

Likevel ser me at me får stadig nye problemstillingar, både med elevar som kjem flyttande til kommunen og med elevar som har store utfordringar på ulike område. Det er gjennomført kursprogram for heile skulesektoren i tema spesialundervisning versus tilpassa opplæring.

Tysnes kommune har logoped i 90 % stilling. Logopeden jobbar både med barnehagebarn og elevar i skulen. Dette er eit svært godt tilbod, som gjer at me får jobba med ulike språkproblem på eit tidleg stadium og borna får den hjelpa dei treng utan å måtte reisa vekk. Nytt i 2016 var at kommunen oppretta 30 % stilling som synspedagog. Ressursen er i første rekkje tenkt å gjera ei kartlegging av borna som tek til på skulen, målet er at dette kan medverka til å unngå å nytta spesialundervisning der det ikkje er turvande og læringsvanskar kan vera botna i andre tilhøve.

#### 4.2.4 Blå skule

Den blå skule er eit pedagogisk opplegg me har grunn til å vera stolt over på Tysnes, her er året skildra med deira egne ord:

Mannskap:

Det har vore fleire faste elevar dette året. To fosterbarn «mønstra på» i starten av 2016. Dei brukte litt tid på å finne sin plass i sjarken, men etter kvart gjekk det veldig bra.

Dessverre har begge to forlatt skuta, og Tysnes, noko dei andre faste elevane synes er trist.

Vårsesongen gjekk som vanleg, fleire ordinære elevar fekk plass og var med på tokt og dreiv skule i båten og på øya.

Ved opp-start i haust organiserte me blå skule slik at kvar klasse fekk sin dag, og sendte med ordinære elevar. Dette for at fleire skulle få tilbodet, og at dei faste skulle jobbe med å forholde seg til nye elevar heile tida.

I november mønstra det på ein elev frå Uggdal. Til no har han klart sine oppgåver, tatt instruksjer i båten og på land, svært bra.

Dessverre blir det litt færre ordinære elevar med på tokt våre no, men me prøver å gje tilbod til enkelte der me ser det er mogleg.



### Gjengen på Øya

#### Aktivitetar:

I løpet av hausten fangstar me agnfisk til teinesesongen. 167 sild i eit garn er rekorden i år. Desse vart lagt i haugar på ti og ti, og mykje matematikk kom naturleg inn i denne prosessen.

Det har vore mykje fiske og fangst etter krabber og humrar, resultatet har vore bra. Tre gonger la me til kai og selde levande skaldyr. Dette var stor stas og elevane gjekk sjølv i banken og satt pengane inn på kontoen vår.

Vaktmeister oppgåver: Stormen Urd brakk eit av dei aller største bøketrea, i tillegg til nokre grantre ute på Solstråleøya. Desse jobbar me med å få vekk før det blir sommar.

I tillegg legg me kjellargolv i utleiehuset. Elevane får skru og kutte med handsag og resultatet er dei stolt av.

Dette er dei største prosjekta og i tillegg har me mange småprosjekt.

Fiskesuppe, grønsaksuppe, betasuppe, krepsesuppe, havregraut og liknande er nokon av dei matrettane me har lagd til no dette året.

Dyra våre; nytt frå i haust er at me har fått oss kaninar og høner. John og Bruce er dei to hann-kaninane våre, dei er med oss fram og tilbake kvar dag, utanom natta frå måndag til tysdag kor dei bur på øya ilag med hønene.



Tre høner og ein hane har me gåande i ruinane med ei svær nôt over, så ikkje hauk og andre rovfuglar skal forsyne seg. Dessverre er det for kaldt og mørkt til at egg produksjonen er tilstade enda. Men me håper på ei endring av dette når det blir vår.

#### Fagleg:

Så langt det lar seg gjere trekk me skulefag inn i det praktiske arbeidet. Matematikk, naturfag, kroppøving, mat og helse, historie, norsk og kunst og handverk er fag som lett lar seg kombinere med livet på Solstråleøya.

Vekt og lengdemål rundt fangstar etc.

Mykje aktivitet på øya.

Historia til øya frå John og Ada via kongehuset til at Tysnes kommune no eige øya.

Produksjon av skilt, fuglekassar og liknande er nokre dømer på aktivitetar på øya.

#### Sosialt:

Som tidlegare ser me at sosialisering i små grupper gjer positiv utvikling på elevane våre. Sjølv om talet faste matrosar aukar, prøver me å halde på at dette skal være eit tilbod for alle elevane ved Tysnes skule.

Kaptein 1

Blå skule

Terje Sløgedal»

### 4.2.5 Skulefritidsordning - SFO

Me har i dag SFO tilbod ved skulane som har småskuletrinn (1.-4. klasse). Elevtalet på SFO er stabilt, rundt 36 elevar nyttar tilbodet. Det har vore ynskje om å utvida tilbodet til å gjelda i haust- og vinterferie, men når det kjem til påmelding, er det lita eller inga interesse. SFO jobbar etter «Fritidspedagogisk plan» med ulike periodeplanar alt etter kva årstid me er inne i.

Tab. 4.6: Barn med SFO tilbud	2012	2013	2014	2015	2016
Uggdal SFO	26	25	29	32	35
Onarheim SFO	12	11	7	5	7
SUM	38	36	36	37	42

Tab 4.7: Nøkkeltal SFO	Tysnes					Kommune gruppe	Hordaland
	2012	2013	2014	2015	2016	2016	2016
Netto driftsutgifter til skolefritidstilbud per innbyggjar	262	200	248	188	159	220	176
Netto driftsutgifter til skolefritidstilbud per innbyggjar 6-9 år	6 354	5 446	6 439	4 605	3767	4738	3494
Andel innbyggere 6-9 år i kommunal og privat SFO	30,1	37,6	33,6	39,5	36,7	43,9	62,3
Andel elever i SFO med 100 % plass	0	34,2	27,8	31,1	13,6	32,8	57,1
Korrigerte brutto driftsutgifter til SFO per brukar	27 647	28 430	30 492	26 331	23260	28245	27388

#### 4.2.7 Vaksenopplæring

Rektor ved Tysnes skule har sidan 1. januar 2015 hatt hovudansvar for vaksenopplæringa i Tysnes kommune. Skulen nyttar 1,6 årsverk pedagogar til dette arbeidet. Pr. i dag gjev denne avdelinga undervisning i norsk og samfunnskunnskap for minoritetsspråklege vaksne slik dette er heimla i Introduksjonslova. Elevane er ei samansett gruppe som omfattar både flyktningar og personar som kjem til Tysnes i samband med familiesameining. Ved utgangen av desember 2016 var elevtalet i vaksenopplæringa 25. Det er ei dobling samanlikna med føregåande år. Elevane kjem frå ulike nasjonar og har naturleg nok stor variasjon i skulebakgrunn, språkforståing og norskspråkleg erfaring. Dette fører til behov for stor grad av individuell tilrettelegging av undervisninga og ein ser at det er behov for auka ressurs for å gje eit optimalt tilbod. I løpet av 2017 er ein førespeila at elevtalet vert auka ytterlegare, til omlag 30 elevar.

Undervisningslokale til vaksenopplæringa er i Tysneshallen der disponerer Tysnes skule eit klasserom og eit grupperom. I tillegg nyttar me eit av klasseromma i barneskulen. Det er avgjerande for pedagogane og leiinga ved Tysnes skule at ein er samlokalisert grunna faglege og praktiske årsaker.

## 4.2.8 Kulturskulen

Som tidlegare har det vore gitt undervisning i piano, gitar, slagverk, song og messing/aspirantundervisning.

Tab 4.8: Elevar i kulturskulen	2012	2013	2014	2015	2016
Elevtal	52	49	48	88	86

Kulturskulen har utvida tilbodet til fleire uttrykk. Aktiviteten vart auka hausten 2015 med tre grupper i dans. Tilbodet er eit samarbeid med SvingenPuls, og undervisninga føregår i deira lokale. Målet med å ekspandera til fleire uttrykk vart ikkje nådd, grunna for låg søknad. Me er glad for at auken i talet på brukarar held fram frå 2015 og at kulturskulen i dag er eit tilbod til ein større andel av borna frå 6 til 15 år!

Kulturskulen sel dirigent-timar til kor og korps, 14 timar i veka, til Onarheim musikklag, Tysnes skulekorps og Tysnes Musikklag.

Plan for utvikling av kulturskulen ferdigstilt i 2016.

Tab 4.9: Nøkkeltal kulturskulen	Tysnes					Kommun	Hordalan
	2012	2013	2014	2015	2016	e gruppe	d
Netto driftsutgifter til kultur- og musikkskoler per innbygger	317	338	286	269	<b>285</b>	456	274
Netto driftsutgifter til musikk- og kulturskoler, per innbygger 6-15 år	2 749	2 981	2 630	2 549	<b>2762</b>	3840	2239
Brutto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per bruker	18 798	28 110	25 111	19 330	<b>13568</b>	16427	20633
Andel elever (brukere) i grunnskolealder, av antall barn i alderen 6-15 år	20,7	14,6	15,8	21,9	<b>28,8</b>	23,8	12,7

## 4.2.7 Barnehagar

Tab 4.10: Tal på born delt etter barnehage	2012	2013	2014	2015	2016
Vågsmarka	30	34	29	29	29
Stjernereiso	60	59	64	64	67
Lunde	25	21	22	22	22
Onarheim	20	22	27	27	21
<b>Totalt</b>	<b>135</b>	<b>136</b>	<b>144</b>	<b>144</b>	<b>139</b>

Me hadde 139 barn i frå fødselsåra, 2011, 2012, 2013, 2014 og 2015 per 15.12.2016.

Onarheim barnehage (30 plassar august 2016) har dei største utfordringane når det gjeld barnetal og lokalitetar. Her varierer barnetalet veldig og det er utfordrande i forhold til plass, lokale og personale. Eine avdelinga ligg i skulen sine lokalar. Det siste halve året har dei vore full avdeling nede (tre vaksne) og ein nesten full avdeling oppe (to vaksne). Lokala gjer det vanskelig å samarbeide både ute og inne. Avdelingane ligg i to høgder og ein må ut av huset for å komme opp/ned til den andre avdelinga, det gjer at ein ikkje kan ha dørene opne for å hjelpe kvarandre. Det er også veldig sårbart i forhold til å vere kun to vaksne på ei avdeling. På grunn av all utbygginga på Onarheim må me merke oss at barnehagen som er i dag, er altfor liten.

Vågsmarka barnehage (36 plassar august 2016) er stabil i barnetal og personale. Barnehagen vert alltid fylt opp. Deira utfordringar er liten plass. Dei manglar arbeidsrom, og garderobar til personalet i tillegg til at avdelingane er heilt på grensa av arealkrava. Her ligg det inne eit vedtak om utbetring i 2017.

Lunde barnehage (30 plassar august 2016) Denne barnehagen fungerer godt. Her er det også litt færre barn dette året og ein må samarbeide på tvers, noko som er mykje meir hensiktsmessig i denne barnehagen enn i Onarheim. Her er det også enkelt å utvide til fleire barn og vaksne.

Stjernereiso barnehage (90 plassar august 2016) er den største barnehagen me har. I år har me hatt mellom 90 og 96 plassar i barnehagen. Ein mindre tilsett då me starta opp nytt barnehageår i august. Barnehagen sine lokal er blitt mykje betre for tilsette og barn etter utvidinga.

Hausten 2016 har Stjernereiso starta utegruppe med eigen Lavvo. Opplegget fekk litt startproblem pga. av veldig seine vareleveringar og uklare beskjeder om kva som måtte gjerast av kommunen. No er den oppe og går og fungerer godt! Veldig kjekt tiltak og veldig kjekt for barna. Her får dei utvikle seg og bruke kroppen, og ein opplever mykje færre konflikhtar mellom barna.

### Foreldreundersøking

Tysnesbarnehagane har gjennomført ei foreldreundersøking i regi av undervisningsdirektoratet. Denne undersøkinga er nasjonal. Undersøkinga var open i november 2016. Denne foreldreundersøkinga vil barnehagane ta kvart år framover, då vil ein kunne ha eit godt samanlikningsgrunnlag år for år.

Me fekk inn 100 svar av 138 mulige. Det var ein svarprosent på 72 %. Det gjer oss eit godt grunnlag for vidare arbeid. Alle barnehagane har fått eigne resultat for sin barnehage for å kunne arbeide best mogleg vidare med undersøkinga ute i den enkelte eining.

Undersøkinga måler tilfredsheit langs ulike variablar der 5 er best og 1 er dårlegast. Dei mest gledelige resultatane er at barns trivsel ligg på 4,7, barns utvikling ligg på 4,6 og relasjon mellom barn og vaksne ligg på 4,4. Dette er veldig bra! Innemiljø og informasjon var dei to variablane med lågast resultat, begge ligg på 3,9.

Barnehagane skal jobbe vidare med denne undersøkinga i barnehagen. Det vil bli tatt opp i SU, på foreldremøte og personalmøte.

### Tilsyn

I 2016 har vi hatt tilsyn med to av barnehagane våre, Lunde og Stjernereiso. Tilsynet handla om barnehagens innhald (Barnehagelova § 2) og rutinar i barnehagen. Ingen av barnehagane fekk avvik og begge fekk svært positive tilbakemeldingar frå dei eksterne tilsynsførarane.

Det vart også gjennomført tilsyn innan miljøretta helsevern ved Onarheim barnehage, heller ikkje her vart det avdekt avvik.

Tab 4.11: Dekning og bruk	Tysnes					Kostra Gr. 2	Hordland
	2012	2013	2014	2015	2016	2016	2016
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	86,7	92,5	95,2	89,9	<b>95,2</b>	90,6	91,4
Andel barn 1-2 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 1-2 år	77,6	75,9	88,5	83,1	<b>87,7</b>	79,5	83,1
Andel barn 3-5 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 3-5 år	93,5	102,2	98,9	94,6	<b>100</b>	97,4	96,9

Ut frå ovanstående tabell ser me at bruk av barnehagar gjekk litt opp igjen i 2016. Tysnes har større relativ del av born i barnehagen enn både kommunegruppa og snitt for Hordaland innanfor alle aldersdelingar. Tysnes kommune har i desse åra har løpande barnehageopptak.

Tysnes kommune har ingen barnehagar med opningstid tilsvarande ti timar eller meir.

Tab 4.12: Utdanning og personaldekning	Tysnes					Kostra Gr. 2	Hordland
	2012	2013	2014	2015	2016	2016	2016
Andel styrere og pedagogiske ledere med godkjent barnehagelærerutdanning	92,3	92,3	64,3	88,2	<b>84,2</b>	88,1	96
Antall barn korrigert for alder per årsverk til basisvirksomhet i kommunale barnehager	6,1	6,5	6,5	10,7	<b>6,1</b>	5,8	6,2
Andel ansatte med barnehagelærerutdanning	31,6	27,9	20,9	32,6	<b>36,2</b>	34	40,1

Det at me har ein mindre del tilsette med barnehagelærerutdanning enn samanliknbare kommunar er mellom anna ein konsekvens av driftsform der me har hatt som policy å driva med 18 plassar per avdeling, avdelingsstorleik med 24 plassar gjev etter retningslinene større pedagogdekning.

Me ser av ovanstående tabell at Tysnes har noko færre styrarar og pedagogiske leiarar med godkjent barnehageutdanning enn samanliknbare kommunar, tabellen under viser at me har fleire tilsette med anna pedagogisk utdanning enn samnaliknbare kommunar.

Tab 4.13: Areal	Tysnes					Kostra Gr. 2	Hordland
	2012	2013	2014	2015	2016	2016	2016
Leke- og oppholdsareal per barn i barnehage (m2)	6,4	6,3	6,1	7,6	<b>7,8</b>	7	5,4

Leike og opphaldsareal er litt større i Tysnesbarnehagane enn i kommunegruppa og snittet for Hordaland.

Tab 4.14: Prioritering og produktivitet	Tysnes					Kostragr. 2	Hordland
	2012	2013	2014	2015	2016	2016	2016
Netto driftsutgifter barnehagesektoren i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter	9,3	9,8	10,4	10,7	<b>11,8</b>	11,7	16
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager	110 430	112 815	117 473	113 557	<b>139829</b>	138184	139734
Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage	149 462	145 185	149 842	155 451	<b>179561</b>	185074	197125

Det har vore ei relativt stor utgiftsvekst sist år, men driftsutgiftene ligg om lag på nivå med tilsvarende tal i kommunegruppa og snittet for Hordaland.

#### 4.2.8 Tenester for barn og familie

Frå og med 2015 vart tenester knytt til barn og familie overført frå kap. 1.3 – helse- og sosial til kap. 1.2 – oppvekst. I praksis inneber dette at tenester som helsestasjon, psykisk helse for barn og unge og barnevern no er samla i ei avdeling. I 2015 vart det gjennomført eit opplegg gjennom KS konsulent for å understetta denne organisasjonsendringa, alle tilsette ved desse tenestene samt rektorar og barnehagestyrar har delteke i dette opplegget og tilbakemeldingane er positive. Tenesta vart samla under felles leiar frå juli 2016, det er barnevernleiar som også leier eininga.

Utfordringar vidare for eining barn og familie er å bli meir samkøyrt samt å skape ei felles fagleg plattform som er godt forankra i alle 3 tenestene. Dette er me langt på veg i ferd med utvikle. Det er i gangsett ulike tiltak for felles kompetanseheving og felles prosjekt på tvers av tenestene.

Felles prosjekt for dei tre tenesteområda i eininga det vert jobba mot er:

- Grupperettleiing til foreldre
- Felles drift av barselgrupper med ulike tema
- Søvngrupper
- PEACE (parent educated anxious child) foreldrerettleingsprogram for barn med angstsymptom. (gruppe/individuell)
- COS rettleiing (circle of security - trygghetssirkelen, gruppe/individuell),
- Treffstaden for ungdom – lavterskeltilbod for ungdomsskuleelevar

Felles kompetansehevingstiltak er ein i gang med gjennom vidareutdanning i høve arbeid med vald og overgrepssaker i regi av RVTS. I tillegg planlegg ein i løpet av 2017 felles kompetanseløft på tvers av tenestene i form av COS sertifisering. (sertifisering som foreldrerettleiar etter Circle of security modellen).

#### 4.2.8.1 Helsestasjon

Helsestasjonen er bemanna med 1,5 årv helsystre og jordmor i 0,5 årsverk.

Helsesystrene har i 2016 hatt fokus på å leggja til rette for elektroniske journalar.

Dei har delteke i prosjektet «Barn og unge sin helsetjeneste – utvikling av standardiserte pasientforløp i Helse Fonna» i regi av BUP Stord/Haugesund. Målet har vore å sikra samanhengjande helsetenester mellom kommunale helsetenester og spesialisthelsetenesta. Gjennom programmet har det vore særskilt fokus på: Barn 0-3 år, Spisevanskar, Komplekse traumer, angst og autismespekterforstyrningar.



Tab 4.15: Nøkkeltal helsestasjon	Tysnes					Kostra gr.	Hordaland
	2012	2013	2014	2015	2016	2	2016
Netto driftsutg til forebygging, helsestasjons- og skolehelsetj. pr. innb 0-5 år	9062	8491	8357	9326	<b>11 815</b>	10 552	7 479
Netto driftsutg til forebygging, helsestasjons- og skolehelsetj. pr. innb 0-20 år	2161	2139	2350	2458	<b>3 245</b>	2 664	2 120
Andel spedbarn som har fullført helseundersøking innan utg. av 8. leveuke	112	62	106	118	<b>95</b>	102	99
Andel barn som har fullført helseundersøking ved 2-3 års alder	90	100	105	66	<b>112</b>	96	102
Andel barn som har fullført helseundersøking ved 4 års alder	100	100	100	90	<b>100</b>	96	99
Andel barn som har fullført helseundersøking innan utgongen av 1. skoletrinn	88	108	102	92	<b>67</b>	96	93
Brutto driftsutgifter per innbyggjar 0 - 5 år. Helsestasjons- og skolehelsetjeneste.	9410	8898	8589	9583	<b>12 185</b>	12 109	8537

### Jordmor

Det vart registret vel 40 gravide i 2016. Det vart fødd 37 barn i 2016. Av dei 20 jenter og 17 gutar. Dei var stort sett fødd jamt fordelt utover året. Hovudtyngda var i november. Da fekk me 7 nye tysnesingar!

Jordmor har hatt 4 fødselsførebuande treff/kurs i løpet av 2016. Frammøte varierer. På dei fleste fødselsførebuande treff har det vært dårleg frammøte. Jordmor har hatt 11 barselgruppetreff i 2016, nokre av desse har vore med jordmor og norke har vore i samarbeid med tannpleiar. Me har er såleis innom tema både knytt til barna si tannhelse og barnet si fysiske utvikling. Fysioterapeut tilrår også ulike treningsmedtodar for mor. Nokon ilag med fysioterapeut, Anne Opdal og nokon med tannpleiar Aina Wickmann, fylkestannlegen.

#### 4.2.8.2 Psykisk helse for barn og unge

Psykisk helsearbeidar for barn og unge totalt 1 årsverk.

Tenesta har i løpet av 2016 hatt individuell oppfølging av 37 barn og unge under 18 år. Psykisk helsearbeidar for barn og unge har i 2016 delteke i klasseromsundervisning, hatt grupper i skuletida (t.d. jentegrupper for 8.klasse), delteke i ulike samarbeidsmøter/fora med foreldre, tilsette i oppvekst, spesialisthelsetenesta m.fl. Ein har også ansvar for å drive/gjennomføre fagmøter i TEBU gruppa (tverrfagleg samarbeidsgruppe for barn og unge i Tysnes kommune). Stillinga er koordinator for Ressursgruppa i kommunen (tverrfagleg drøftingsgruppe for tilsette i Oppvekst). Psykisk helsearbeidar er frå november 2016 Kontaktperson for barn som pårørande i kommunen.

Psykisk helsearbeidar har ansvar for tiltaket «Treffstaden i Våge», ein treffstad for ungdomsskuleelevar etter skuletid ein dag i veka. Ein har i tillegg hatt aktivitetar på Treffstaden under haustferien og før juleferien deira. Frå hausten 2016 nyttar ein det nyoppussa lokalet kommune leiger på Triangelen i Våge. I tidlegare lokale var det mellom 1-12 ungdommar tilstade. Sidan hausten 2016 er det gjennomsnittleg 30 ungdommar på Treffstaden.

#### 4.2.8.3 Barnevern

Barneverntenesta har i hovudoppgåve å ivareta born mellom 0 og 23 år som på grunn av forholda i heimen eller andre årsaker har trong på hjelp frå barnevernet. Barneverntenesta har i tillegg oppgåve å arbeide førebyggjande jfr bvl. § 3-1, samt plikt til samarbeid med andre instansar jfr bvl § 3-2.

Barnevernetenesta i Tysnes kommune består av 3, 5 årsverk, av dette er om lag 3 årsverk knytt til leiing og sakshandsaming, om lag eitt halvt årsverk er tiltaksarbeid. Når det gjeld tiltak så er det også ein del oppdragsavtaler knytt til dette.

#### Hovudmål:

«Tysnes barnevernteneste skal bidra til at barn har gode oppvekstvilkår. Me skal arbeide førebyggjande og setje inn riktig tiltak til rett tid for born under vårt ansvarsområde».

- Delmål:
- 1) «Alle lovpålagte fristar skal haldast»
  - 2) « Alle skular og barnehagar skal besøkjast årleg»
  - 3) «Barneverntenesta skal arbeide for kontinuerlig forbetring av tenestene, og har som mål at det anna kvart år skal gjennomførast brukarundersøking som del av forbetningsarbeidet.»

Barneverntenesta vart frå juli 2016 etablert som del av eining barn og familie saman med helsestasjon og psykisk helse for born og unge. Barneverntenesta opplever at samarbeidet med andre kommunale instansar som arbeider med barn og unge har vorte styrka gjennom denne organiseringa. Barneverntenesta har også vore på besøk i barnehagar og skular, og ser at dette gjer samarbeidet betre. Barneverntenesta reknar med å halda fram med desse besøka kontinuerleg. Barneverntenesta deltek også i tverrfagleg gruppe i kommunen, «ressursgruppa for barn og unge» som er ei under gruppe til barn og familie, for tenester som arbeider med barn og unge si psykiske helse.

Me opplever å ha eit godt samarbeid med politiet. I nokre saker er det trong for politibistand, og det har vore uproblematisk å få til. Politiet er også ein instans som ofte melder til barnevernet, og det er difor naturleg at det ofte vert eit samarbeid politi/ barnevern. Det har ikkje vore faste samarbeidsmøte med politi i 2016, men det vert jobba mot ei samarbeidsavtale med faste samarbeidsmøter i 2017.

Barneverntenesta har som eit av sine delmål at det skal gjennomførast brukarundersøkingar kvart anna år. Dette målet har ein ikkje oppnådd for 2016, men ein er i gang med førebuing til ei slik undersøking som vil bli gjennomført i 2017.

I 2016 vart det utarbeidd system for internkontroll i tenesta, systemet er viktig for å sikra kontinuerleg forbetring. Internkontroll er ei løpande oppgåva.

Manglande beredskap utanfor kontortid er ei problemstilling som har vore gjeldande lang tid tilbake i kommunen. Det vart i 2016 avgjort å søkje om samarbeidsavtale med barnevernvakten i Bergen. Denne søknaden er under handsaming i Bergen kommune, og ein ventar svar/avklaring i løpet av 2017.

Tab. 4.16: Tiltak i barnevern 2016	I løpet av året			Slutten av året		
	Omsorg <sup>ii</sup>	Tilsyn andre kommunar <sup>iii</sup>	Hj. Tiltak <sup>iv</sup>	Omsorg	Tilsyn andre kommunar	Hj. tiltak
Antal born	6	6	36	6	2	15

Tab 4. 17: Oversyn over meldingar i 2015	Meldingar	Meldingar som er lagt vekk	Undersøkingar i alt	Avslutta undersøkingar	Vedtak etter BVL	Undersøking over 3 mnd
2016	30	5	35	17	10	5

Tabellen syner at Tysnes barnevernteneste har motteke 30 meldingar i året 2016, tilsvarande tal i 2015 var 36. Tabellen syner at Tysnes barnevernteneste har motteke 30 meldingar i året 2016. 15 av desse førte til undersøking. 5 av sakene har fått ein utvida undersøkingssperiode frå 3-6 månadar. Barneverntenesta har ikkje brukt innleigd konsulenthjelp til sakshandsaming i 2016.

<sup>ii</sup> Antal born som kommunen har omsorg for og er lovheimla i bvl § 4-12

<sup>iii</sup> Antal born som bur i fosterheim i kommunen (plassert av andre kommunar).

<sup>iv</sup> Antal barn som har frivillige tiltak etter bvl § 4-4.

Tab. 4.18: Nøkkeltal barnevern	Tysnes					Kostra gr. 2	Hordaland
	2012	2013	2014	2015	<b>2016</b>	2016	2016
Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år	5458	6031	5349	9989	<b>8590</b>	10073	8753
Andel barn med barnevernstiltak ift. innbyggere 0-17 år	4,1	4	4,5	5,9	<b>5,9</b>	:	4,2
Barn med undersøkelse eller tiltak per årsverk	11	17,5	9,7	14,3	<b>12</b>	:	:
Andel undersøkelser med behandlingstid innen 3 måneder	73	77	33	75	<b>76</b>	83	87
Andel barn med tiltak per 31.12. med utarbeidet plan	73	82	39	79	<b>80</b>	:	89,0
Andel meldinger som går til undersøkelse	..	85,2	90	88,9	<b>83,3</b>	:	:
Andel undersøkelser som førte til tiltak	54,5	40,9	73,3	50	<b>58,8</b>	:	:

## 4.3 Helse og sosial

Helse og sosial dekker fagområda helse, pleie og omsorg og sosialtenesta. Fagleg oppfølging og sekretærfunksjon for tenesteutvalet, husbankutvalet og rådet for menneske med nedsett funksjonsevne er lagt til dette området.

### 4.3.1 Utviklingstrekk i etaten

Prosjekt nytt omsorgssenter har vore eit viktig og prioritert arbeid, som leiarar og tillitsvalde har teke del i ilag med prosjektsjef. Oppfølging av samhandlingsreforma er vidareført, og kommunen har greidd å løyse utfordringa med å ta imot pasientar ved utskriving frå sjukehus gjennom året.

Øyeblikkeleg hjelp døgntilbod for somatiske lidingar vart planlagt og tilrettelagt med 0,5 seng v/ Tysnes sjukeheim frå 1. mars 2016. Frå 1. januar 2017 skal også pasientar med psykiatri/rus diagnosar kunne nytte dette tilbodet.

E-meldingsprosjektet, «Vestlandsløftet er blitt fulgt opp, og den elektroniske flyten fungerer mellom sjukehus og kommune ved inn- og utskriving sjukehus.

Det har vore nedsett ei prosjektgruppe m/ fagleiarar, tillitsvalde/verneombod og leiing om vurdering bygging nytt bufellesskap for psykisk utviklingshemma, arbeidet er sett på vent i påvente av realistisk å kunne gjere denne investeringa.

Det har vore ei prosjektgruppe i arbeid av leiarar, tillitsvalde og prosjektsjef som har hatt mandat til å vurdere ulike typar løysingar for omsorgsteknologi. Dette skal også vere løysinga for pasientvarslingssystemet i nytt omsorgssenter. Leverandør er ikkje valt, dette vil kome i 2017.

Tilflytting av flyktningar i kommunen har vore ei vidare utfordring for dei ulike tenestene som lege, helsestasjon, psykisk helse, sosialtenesta mv.

Tilskot til kommunale kompetanse og innovasjonstiltak 2016, helse- og sosialetaten har motteke kr 701 477 i tilskot til opplæring av personell med formål innafør opplæring helsefagarbeid, vidareutdanning av høgskuleutdanna, opplæring personell som arbeider med psykisk utviklingshemma og innovasjonsprosjekt omsorgsteknologi.

Fylkesmannen hadde 19. – 20. september 2016 tilsyn på tenester til personar over 18 år med samtidig psykisk helse/rus lidning, om desse får forsvarlege tenester. Innan dei områda tilsynet omfatta blei det ikkje avdekt forhold i strid med krav i helse- og omsorg- og sosiallovgjevinga.

Vurdering av styringssystemet gjort v/Fylkesmannen:

*«Psykisk helse og sosiale tenester har få tilsette. Tenestene er sårbare. Administrative og faglege leiarar er lett tilgjengelege. Dei er kjende med problemstillingar knytt til kapasitet i psykisk helse og sosiale tenester og konsekvensar dette har for tilbod og oppfølging av tenestemottakarane.*

*Det er rom for å utvikle samarbeid og koordinering knytt til planlegging, iverksetting, oppfølging og evaluering av tenestetilbod til den enkelte tenestemottakaren. Leiinga si oppfølging føregår i stor grad ved kontakt og samarbeid med einings- og fagleiarar om enkeltsaker og i det årlege budsjettarbeidet. Regelmessig vurdering av tenestetilbod kan bidra til å identifisere risiko for svikt, planleggje og prioritere tiltak».*

Desse signala vart følgt opp vidare i budsjettarbeidet for 2017, og etaten fekk tilført ressursar tilsvarande ei ny 50 % stilling for styrking av tenesta. Leiinga prioriterte at denne styrkinga vart lagt til Nav sosial, med målgruppe psykisk helse/rus, og vil bli effektivert i 2017.

#### 4.3.2 Helseavdelinga

Til helseavdelinga ligg legekontor, legevakt, fysioterapi og ergoterapi. Helsestasjon og psykisk helsearbeidar for barn og unge er overført til oppvekst og organisert saman med barnevern under ei eining for barn og familie. Psykisk helse er overført frå helse- og sosialsjefen sin stab til helseavdelinga. Kommuneoverlege leiar den samla tenesta.

Tab 4.19: Nøkkeltall kommunehelse – prioritering	Tysnes					Kostragr. 02	Hordaland
	2012	2013	2014	2015	2016	2016	2016
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, kommunehelsetjenesten	3086	3072	3613	3976	<b>3900</b>	3478	2358
Netto driftsutgifter i prosent av samlede netto driftsutgifter	5,3	5	6,1	6,6	<b>6,4</b>	5,6	4,4
Netto driftsutgifter til forebyggende arbeid, helse pr. innbygger	140	194	271	218	<b>289</b>	159	130
Netto driftsutg til diagnose, behandling og rehabilitering pr. innbygger	2412	2361	2786	3174	<b>2847</b>	2659	1675

#### 4.3.2.1 Psykiatri

Det er 1,5 årsverk psykiatrisk sjukepleiar knytt til tenesta. I tillegg er det ca 0,4 årsverk og timeressursar knytt il brukaroppfølging, støttekontakt og drift av aktivitetssenteret. Eit av måla har vore å sikre god oppfølging av den enkelte brukar, og med det bidra til å førebyggje forverring av lidinga. Dette gjennom ulike tiltak ikommunen, som støttesamtale, aktivitetssenter, turgåing og støttekontakttiltak. God samhandling med lege, heimesjukepleie, sjukeheim, politi, NAV og TIAS er og viktige faktorar for å sikre god oppfølging. Samhandling kan bli betre internt i kommunen, og tenesta skal jobbe for å sikre betre samhandling i 2017.

Psykisk helseteneste har hatt oppfølging av til saman 40 brukarar, i tillegg til fleire tilvisingar for råd og rettleiing utan at det vart oppretta vedtak.. I 2016 hadde 8 brukarar støttekontakt. Støttekontakt er viktige og gode tiltak som vert opplevd positivt av den einskilde brukar.

I juni 2016 flytta psykisk dagsenter inn i trivelege og brukarvenlege lokale i Våge Senter. Psykisk helseteneste nyttar lokalet to dagar pr. veke, 4 timar måndag og 6,5 timar torsdag (utvida opningstid). Det har vore 9 faste brukarar i løpet av 2016. Lokalet vert og nytta til samtalar med brukarar. Utvikling av tilbodet på aktivitetssenteret har vore viktig, og er heile tida i fokus. Me har utvida tilbodet med 2,5 time kvar torsdag. Psykisk helseteneste har søkt og fått legatmidlar. Desse midlane har vore brukt til ulike aktiviteter for brukarar på aktivitetssenteret.

Samarbeid med spesialisthelsetenesta har vore inn i ei endring i dei seinare åra, ei endring som synes å verta vidareført også i 2016. DPS har mindre kapasitet til rettleiing av personell i kommunen, og rettleiingsdagar/samarbeidsdagar har ikkje blitt prioritert av dei. Det har vore gjeve rettleiing ca 5 gonger i løpet av 2016. Det har vore ulike utfordringar for psykisk helseteneste i kommunen, som merkast i høve kapasitet. Brukarar har ikkje lenger tilbod om planlagde opphald på DPS. I tillegg er det reduksjon av sengeplasser ved Stord DPS frå 14 til 10 plassar. Samarbeid med Stord DPS har vore viktig for eit sterkare fagmiljø og eit nært samarbeid mellom pasient og fagpersonell. Dessverre har Stord



DPS redusert kapasitet til rettleiing av kommunen/ pasientcase. Spesialisthelsetenesta forventar at kommunen tek meir ansvar for oppfølging av pasientane. Eit resultat av dette er at pasientar vert tidlegare utskriven til kommunen, og treng dermed tettare oppfølging frå tenesta vår. Omfanget av hjelpetiltak er større og det er ofte meir kompleksitet i sakene. Mot eit slik bakteppe er det ei utfordring å gje eit godt nok tilbod for den einskilde brukar. Utfordringa bør vurderast opp mot ressurstilfang og organisasjon.

#### 4.3.2.2 Legekontor

Allmennlegetenesta i Tysnes kommune er kommunalt drevet fastlønnspraksis, i motsetning til dei fleste stadene i landet, der det er privatpraktiserande allmennleger. Legetenesta i Tysnes er samla i eit kontor. Dei tilsette legane uttrykker tilfredsheit med ein slik modell.

Det er forutan turnuslege 5,5 årsverk ved legekontoret, av dette er det 3 årsverk som lege og 2,5 årsverk knytt til forkontor og labratorietenester ved legekontoret.

Tysnes sjukeheim kjøper 20 % av ei kommunelegestilling. Dei andre legane bistår tilsynslegen med behov som måtte oppstå når tilsynslegen ikkje er tilgjengeleg. Legane ved Tysnes legekontor har ansvaret for pasientar i kommunal akutt seng, som er oppretta på sjukeheimen. Det er primært vaktlege sitt ansvarsområde, men om tysdagen fell ansvaret på sjukeheimslegen.

Samla har legekontoret 2407 pasientar på sine fastlegelister, dette er ein svak auke samanlikna med førre år. Dersom me ser dette i høve til innbyggjartalet har me ein netto lekkasje på om lag 400 pasientar. Tysnes kommune betaler 442 kr pr år pr pasient i overført per capita tilskot, tilsvarende ein sum på 194 480 kroner.

Betaling av eigenandelar/forbruksmateriell/medisinar skjer no via betalingsterminal på venterom. I 2016 er det også innført høve til å gjera tinging av time over web, e-konsultasjon er noko som skal arbeidast vidare med. Det er innført har EDB-system for melding mellom lege og heimesjukepleien (begge veger) og dette sikrar rett medisineriing i vesentlig større grad for heimesjukepleien sine brukarar. I tillegg er det innført elektronisk samhandling med spesialisthelsetenesta.

I 2016 vart det kjøpt inn ny hjertestartar av typen Corpulse, som er av same type som ambulansetenesta nyttar. Denne er langt meir avansert enn tidlegare modellar, og har funksjonar som vi ikkje tidlegare hadde tilgong til, mellom anna kan EKG sendast direkte til sjukehus. Den nye hjertestartaren kan i tillegg til å vere hjertestartar, brukast til EKG-maskin, metningsmålar og blodtrykksmålar. Det vart også gjort innkjøp av avansert laboratoriestyr, som kan gje svar på andre blodprøvar enn vi hadde tilgong til akutt tidlegare, og som gjer betre diagnostikk og behandling. Det vart og kjøpt inn spirometriapparat for diagnostisering av lungelidelser. Vi har framleis ein del gammalt utstyr som vil trenge utskifting etter kvart. Det er også behov for å sjå på aktuelt verneutstyr, som gjerne treng oppdatering.

Tabell 4.20 Dekning lege	Tysnes					Kostragr. 2	Hordaland
	2012	2013	2014	2015	2016	2016	2016
Legeårsverk pr 10 000 innbyggere,	13,9	13,8	14,4	14,3	<b>14</b>	12,9	10,2
Gjennomsnittlig listelengde	765	775	788	797	<b>817</b>	965	1005

#### 4.3.2.3 Legevakt

Tysnes har valt å halde på lokal legevakt. Dei tre faste legane pluss turnuskandidat, deltar i legevakt, altså 4-delt vakt når alle er i funksjon, 3-delt ved feriar og kursfråvær. For å sikre forsvarleg gjennomføring av vakt er det turvande å nytta noko vikarlegar i samband med avvikling av feriar og anna fråvær. I samband med sumaren har me legevaktansvar for mellom 12 – 14.000 personar, mot eit alminneleg grunnlag på om lag 3700 personar.

Under avvikling av Tysnesfest var det hektisk for vaktlege/ambulanse. Legekontoret deltok i planlegging av helseberedskap i samband med festivalen saman med ambulanse og politi. På kveldstid torsdag, fredag og laurdag under Tysnesfest var det 2 legar på vakt (og dei hadde det hektisk). Det vart etablert ”feltlasarett” på Tysnes skule og på aktivitetssenteret i Våge, som var eit nødvendig tiltak under dei ekstraordinære forholda. Både antall personar under Tysnesfest og aktivitetskarakter blant publikum tilseier stort behov for medisinsk assistanse (rus/skader). Me samarbeider tett og godt med arrangørar og politi under arrangementet.

Det lukkast å koma til semje om vidareføring av legevaktsavtalen med Kvinnherad kommune i løpet av 2016. Legane gjekk med på å gå ned i vaktlønn, og ein auka tenesta til å omfatte legevakt 24 timar pr døgn, 365 dagar i året. I avtalen er det også bygd inn ein intensjon om å kjøpa noko bakvakttenester frå Kvinnherad for å kunne imøtekoma nye krav som følgjer av akuttmedisinforskrifta.

Tysnes kommune kjøper tenester knytt til legevaktsentral frå Helse Fonna, sentralen er bemanna av spesialopplærte sjukepleiarar og er lokalisert til Akutt Mottak på Stord sjukehus.

Me har prøvd å ha fagleg samarbeid/kursing i lag med ambulansen, og dette er nødvendig og nyttig. Me har dessverre ikkje vore flinke til dette i 2016. Bortsett frå planlegging/beredskap/akuttfunksjon ved Tysnesfest har det vore lite samtrening. Det vert planlagt fleire øvelser i 2017, første i februar.

#### 4.3.2.4 Fysioterapi

Dei siste åra har det vore god kontinuitet i fysioterapitenesta i kommunen. Tenesta har no 1,5 årsverk, men dette må sjåast i samanheng med fysioterapeutar som driv med driftstilskot. Samarbeidet mellom den kommunale og den private fysioterapitenesta har systematisk blitt styrkt dei siste åra.

##### Rehabilitering:

Kommunefysioterapitenesta har i 2016 lagt vekt på rehabilitering på institusjon og i heimane. Kommunefysioterapeut har i tillegg hatt oppfølging av barn ved helsestasjon og på skulen. Ein har i meldingsåret hatt eit godt samarbeid mellom private- og kommunale fysioterapitenester gjennom arbeidet i samarbeidsutvalet. I praksis har kommunefysioterapeut ei viktig koordinerande rolle når det gjeld samordning/ fordeling av fysioterapitilbodet mellom private- og kommunale tenester.

##### Gruppetrening:

Dette er eit lavterskeltilbod for eldre, og eit viktig folkehelseiltak i Tysnes kommune der dei eldre opplever rørsleglede, meistring, fellesskap og fysisk aktivitet. Det er i dag slike prosjekt innanfor gruppetrening:

Hjartetrim (60 min.): Kvar fredag, gjennomsnittleg 12 deltakarar i aldersgruppe 55 - 80 år.

Trim i Peralio (30 min.): Kvar fredag, gjennomsnittleg 8 deltakarar i aldersgruppe 85 - 95 år.

Fellestrim på sjukeheimen (30 min.): Kvar måndag, gjennomsnittleg 10 bebuarar i aldersgruppe 85 - 95 år.

### Helsefremjande og førebyggjande tiltak for barn og unge:

Kommunefysioterapeut og privatpraktiserande fysioterapeut har hatt eit samarbeidsprosjekt hausten 2016, og har gjennomført vurdering av motoriske ferdigheter hos elevar i 1. klasse i Tysnes kommune. Føremålet er å sikre eit godt fysioterapitilbod til elevane i grunnskulen, og eit godt tverrfagleg samarbeid kring elevar som treng motorisk oppfølging i skulen.

Kommunefysioterapeut har i meldingsåret hatt mindre tverrfagleg samarbeid med helsesøster enn tidlegare. Helsestasjon- og skulehelsetenesta vart i 2016 organisert under Eining for barn og familie, og har dermed hovudsakleg samarbeid knytt opp mot barneverntenesta og psykisk helsearbeidar for barn og unge. Kommunefysioterapeut er også ein del av helsestasjon- og skulehelsetenesta, men er organisert under helse, og vert dermed ikkje så lett ein naturleg del av det tverrfaglege samarbeidet. Dette er ikkje ein optimal modell då ein treng god samhandling mellom alle tenestene for å førebyggja overvekt, og fremja god fysisk og psykisk helse hos barn. Det bør arbeidsast vidare med dette også i 2017.

Samhandlingsreforma inneber at folk skal få bu heime så lenge som råd er. Me opplever at pasientar får kortare liggetid på sjukehus. Kommunen pliktar å syta for eit forsvarleg rehabiliteringstilbod til desse pasientane, anten på sjukeheimen eller i heimen. Me ser i meldingsåret at det har vore ei auke i antall heimebehandlingar, då fleire og fleire treng rehabilitering i heimen. Dette er svært tidkrevjande, grunna behov for tett fysioterapioppfølging og ofte store avstandar mellom pasientane.

Kommunefysioterapitenesta vil halda fram med fokus på tidleg intervensjon, og vil etablera eit betre samarbeid med barnehage og skule. Då me veit at motorisk kompetanse er viktig før skulestart, kan kommunefysioterapeut spela ei viktig rolle som rettleiar i forhold til sansemotorisk trening og grov- og finmotoriske tiltak.

Tab 4.19: Nøkkeltal fysioterapi	Tysnes					Kostra	Hordaland
	2012	2013	2014	2015	2016	gr. 2	2016
Fysioterapitimer pr. uke pr. beboer i sykehjem	0,56	0,77	0,44	0,39	<b>0,22</b>	0,39	0,42
Fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	11	13,6	13,8	13,8	<b>12,8</b>	10,6	8,6
Årsverk av kommunale fysioterapeuter pr. 10 000 innb.	2,8	5,1	4,1	4,1	<b>3,3</b>	4,4	3,6

#### 4.3.2.5 Ergoterapi

Ergoterapeut arbeider med kartlegging av funksjon. ADL/funksjonstrening, stimulerer til aktivitet og deltaking, tilrettelegging, tilpassing og kompensasjon for tapt funksjon; rettleiing ved bustadendring, vurdering av hjelpemiddel, ergonomiske tiltak m.m. Ergoterapeut er med i tverrfagleg Inntaks – og rehabiliteringsteam, Demensteam, Koordinerande eining og Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne. Kontaktperson til Hjelpemiddelsentralen (HMS). Samarbeider med HMS m.fl. i kompliserte brukarsaker. Bistår 5 - 6 personar i Tysnes kommune som har kurs i å rekvirera enkle hjelpemiddel. Tenesta vart frå budsjettåret 2016 auka til 0,8 årsverk. Auken må mellom anna sjåast i samanheng med ein styrka satsing på omsorgsteknologi.

Tilrettelegging, trening og tilpassing av hjelpemiddel i brukar sin heim og nærmiljø, er økonomisk gunstege tiltak som kan bidra effektivt til betre funksjon og livskvalitet og at brukaren kan klara seg lengst mogleg i eigen heim, på ein verdig måte.

Tabellen under viser noko av aktiviteten i tenesta i 2016, forutan dette kan nemnast at det har vore 6 saker knytt til tilrettelegging av bustader, inklusive ramper, trappeheiser, heistilskot med vidare. Verdien av dei utleverte hjelpemidla var kr. 1 641 507 mot kr. 1 329 451 førre år.

Tab 4.21: Ergoterapi	2012	2013	2014	2015	2016
Tilvisingar	92	65	86	74	110
Heimebesøk	98	109	131	95	147
Utleverte hjelpemidler	612	572	667	489	564

### 4.3.3 Pleie- og omsorg

I pleie- og omsorgsavdelinga ligg: Tysnes sjukeheim, open omsorg og tenester for utviklingshemma.

Kostnadene til pleie og omsorgstenester er prega av at kommunen er demografisk topptung, samstundes ser me at konstnadane er relativt lågare om me samanliknar tal etter aldersgruppa 80 + eller aldersgruppa 67 +.

Tab 4.22: Nøkkeltal pleie og omsorg	Tysnes					Kostragr. 2	Hordaland
	2012	2013	2014	2015	2016	2016	2016
Netto driftsutgifter pleie og omsorg i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter	34,8	33,9	37	35,6	<b>36</b>	32,9	30,9
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, pleie- og omsorgtjenesten	20 289	20 650	21 824	21 406	<b>21932</b>	20560	16535
Netto driftsutgifter, pleie og omsorg pr. innbygger 80 år og over	263 090	258 831	290 493	296 396	<b>298751</b>	366097	392016
Netto driftsutgifter, pleie og omsorg pr. innbygger 67 år og over	100 202	100 326	105 956	99 455	<b>100062</b>	110443	118865
Korrigerte brutto driftsutgifter pr. mottaker av kommunale pleie og omsorgstjenester	311 396	335 337	..	337 322	<b>333345</b>	364460	419760

#### 4.3.3.1 Tysnes sjukeheim

Me ser at krava frå styresmaktene og forventningar frå brukarane set stadig høgare krav til oss som tilbydarar av helse- og omsorgstenester. Stikkord kan vera fagleg forsvarlegheit, kunnskap og kompetanse, god kommunikasjon, dokumentasjon og prosedyrar. Sjukeheimen skal vera oppegåande på dette 24 timar i døgeret året rundt. Vi har ein arbeidsstokk som strekkjer seg langt for å klare dette, men ofte kan det ”holde hardt” innafor dei ressursane vi har til rådvelde.

Me ser ei vidare utvikling i krav til rask omstilling i høve til utskrivingsklare pasientar frå sjukehus. Samhandlingsreforma utfordrar oss på å kunne tilby adekvate tenester på kort varsel. Dette har vi greidd gjennom m.a. å sørge for at me har ledige plassar å tilby før utskrivning til heimen. Elektronisk meldingsutveksling mellom pleie og omsorgstenesta og helseforetaka har betra kvaliteten på informasjonen, og dermed også auka tryggleiken for brukarane.

Frå 1. mars 2016 starta me opp Øyeblikkelig Hjelp Døgntilbod (ØDH). Tilbodet var i bruk 43 døger, noko som er ca 28 % av mogeleg nytting av senga. Låg utnytting av ØDH tilbodet er ei generell utfordring knytt til tilbodet over heile landet noko Riksrevisjonen har peika på i si undersøking. Me er nøgd med å ha fått tilbodet opp og har fått gode tilbakemeldingar. Det er ein føresetnad med lokal legevakt for at dette tilbodet skal kunna vidareførast over tid.

Pleie- og omsorgstenesta arbeider målretta for å gje tenester på rett omsorgsnivå. Vi har aktiv bruk av rehabilitering. Gjennom tverrfagleg samarbeid med heimetenesta, fysio/ ergoterapitenesta og legesida, nyttar vi korttids plassane til å setja brukarane i stand til å klara seg heime lengst mogeleg. Det har vore mest fullt belegg gjennom året, men dei som har behov får plass!

Bygget er som før påpeikt i dårleg stand, og prega av slitasje. Dette verkar inn på både arbeidsmiljø, tenestekvalitet og trivsel for alle partar. Vi ser difor fram til at det nye omsorgssenteret skal takast i bruk dette året.

Tab 4.23: Nøkkeltal - Institusjon	Tysnes					Kostragr.	Hordaland
	2012	2013	2014	2015	2016	2	2016
Plasser i institusjon i prosent av innbyggere 80 år over	18,5	17,8	18,7	19,3	<b>18,2</b>	19,2	19,7
Andel plasser i institusjon bolig i prosent av bef. 80+	28	25	26	27	<b>26</b>	29	28
Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon	10,4	16	14,4	15,3	<b>13,9</b>	14,6	14
Andel beboere i institusjon av antall plasser (belegg)	90,9	91,4	92,3	89,4	<b>92,3</b>	98,5	95,1
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass	799 462	829 795	911 949	861 718	<b>934 868</b>	1 013 215	1 065 268

### 4.3.3.2 Open omsorg

Open omsorg sitt pasientgrunnlag er omlag 150 personar fordelt på heile Tysnes. Me yt teneste til alle aldersgrupper, men har størst pasientgrunnlag av eldre. Primæroppgåva er nødvendig helsehjelp til grunnleggande behov og i form av praktisk bistand slik at pasientane skal kunne bu lengst mogeleg i eigen heim. Me har oppfølging av LAR pasientar og pasientar med psykiske lidning. Me leverer varm middag laga på sjukeheimen. Me vaksinerer for sesonginfluensa og tek blodprøvar etter ordinasjon frå lege. Me samarbeider med pårørande, fastlege, psykisk helseteneste, NAV, ergo- og fysioterapitenesta. Me tilrettelegg også for terminalpleie og kunne døy heime, når det er gjennomførbart og ønskje om.

Tab 4.24: Heimetenester	2012	2013	2014	2015	2016
Heimesj.pleie	110	105	118	115	119
Heimehjelp	96	90	79	82	83
Andre heimetenester <sup>v</sup>				20	21
Tryggleiksalarmar	61	-	59	63	61

I 2016 er det gjennomført ulike prosjekt og utviklingsarbeider, mellom anna har leiar delteke i eit prosjekt kring tannhelse til eldre med heimesjukepleie. Det er gjennomført elektroniske kurs innanafor legemiddelhandtering, HLR, kosthald m.v. Samarbeidsprosjektet med brannvesen i høve til eldre og brannvern er vidareført i meldingsåret. Tenesta har også delteke i samband med prosjektarbeid knytt til omsorgsteknologi.

Totalt har kommunen 44 omsorgs- og trygdebustader, av desse har 6 bustader på Hovland vore nytta til utleige til flyktningar. Vidare har kommunen 11 bustader i bufellesskap og gjennomgangsbustad. Det vert gjort framleige av 9 bustader, 7 av desse til flyktningar og 2 til andre grupper.

---

<sup>v</sup> Miljøteneste, omsorgsløn, personleg assistent



Tab 4.25 Nøkkeltal heimetenesta	Tysnes					Kostragr.	Hordaland
	2012	2013	2014	2015	2016	2	2016
Mottakarar av heimetenester, pr. 1000 innb. 0-66 år	22	21	32	27	<b>25</b>	29	17
Mottakere av hjemmetjenester, pr. 1000 innb. 67-79 år.	79	75	52	60	<b>82</b>	81	64
Mottakere av hjemmetjenester, pr. 1000 innb. 80 år og over.	469	416	407	421	<b>455</b>	376	322
Korrigerte brutto driftsutg pr. mottaker av hjemmetjenester (i kroner)	180 064	193 681	197 460	192 556	<b>189 270</b>	216 496	258 755

#### 4.3.3.3 Tenester for funksjonshemma

Tenester for funksjonshemma er sett saman av to bufelleskap og dagsenter.

##### Haugen bufellesskap

Haugen bufellesskap har ansvar for 6 bebuarar, og oppfølging av 1 tenestemottakar i omsorgsbustad i tilknytning til bufellesskapet. 4 av tenestemottakarane har tett oppfølging m/ tenester, og er definert som ekstra ressurskrevjande. Me har ei vaken nattevakt som dekker behovet til alle i bufellesskapet om natta, I tillegg eit teknisk hjelpemiddel m/ kamera.

Me hadde samarbeid med Helse Fonna, Vaksenhabiliteringa i 2016, og fekk hjelp og rettleiing i forhold til fornying vedtak i høve bruk tvang/makt. Me fekk og god rettleiing i forhold til miljøarbeidet me held på med til dagleg. Me har oppretta eit Fagteam blant dei tilsette i bufellesskapet, og me har kome godt i gong med godt fagleg arbeid.

Leiar sa opp stillinga si i 2016, for å gå over i ordninar miljøterapeutstilling, ny leiar tiltredde januar 2017.

##### Vågsmarka bufellesskap

Vågsmarka bufellesskap har ansvar for 6 bebuarar, 2 av desse er definert som ekstra ressurskrevjande. Frå 1. juli 2016 har ein av bebuarane budd

heime hjå familie. Dette er ein av dei ressurskrevjande som har 2:1 bemanning. Me har i denne perioden hatt bemanning på denne tenestemottakaren på dagtid og enkelte ettermiddag-/ kveldsvakter. Dette har gjeve utfordring i høve bemanning/økonomi. Me prøver å ikkje leiga inn folk i vakante vakter og fråvær, og forskyv heller personale frå sein- til tidleg- eller til nattevakt, då det er eit overflødig personale på ettermiddag dersom alle stillingar er dekkja. Å løysa dette på ein tenleg måte er krevjande. Denne situasjonen har også ført til at kommunen får mindre refusjon for ressurskrevjande brukarar, 1,1 million mindre i statleg tilskot for ressurskrevjande brukarar. Me avventar no situasjonen, og har stillingar i vakanse fram til ei avklåring av situasjonen.

Brukargruppa i Vågsmarka har blitt meir pleietrengande, noko som gjer arbeidet tyngre for personalet. Me har vore flinke med intern opplæring og tilpassing av hjelpemiddel, og me har dagleg fokus på arbeidsmiljø, både fysisk og psykososialt. Dette fokuset har hatt positive verknader, noko me kan sjå av sjukefråværstatistikken.

Ein viktig samarbeidspart for oss er Habiliteringstenesta i Haugesund som rettleier oss i høve bruk av tvang og makt, og generelt i miljøarbeid. Dei har i 2016 vore aktive i fleire saker i Vågsmarka.

Leasingbilen me disponerer vart i 2016 bygd om til transport også for rullestol. Før dette vart gjort, var det nokre av brukarane som ikkje kom seg på dagtilbod grunna manglande drosjedekning på Tysnes. Ombygginga av bilen har opna nye mogelegheter for oss, og gjer at me no er mykje meir fleksible til å delta på aktivitetar også utanom dagtilbod.

### Dagsenteret

Dagsenteret har også dette året hatt aktivitet på tre stadar. Vedsentralen på Myklestad, MaKa kafe og dagsenteret. Det vert gjeve tilbod til 14 personar, 1 av desse frå psykisk helse.

Det er totalt 3,18 årsverk knytt til tenesta delt på 5 tilsette, nokre av desse har arbeid i kombinasjon med arbeid i andre deler av verksemda.

I 2017 vert det vidare fokus på å skapa gode arbeidsmiljø både for tilsette og brukarar, vidareutvikla samarbeidet med bufellesskapa og vurderer aktivitetstilbodet i ljøs av endringar hjå brukarane.

#### 4.3.4 Sosialavdeling og flyktingtenesta

I 2015 vart flyktingtenesta lagt til lokalt NAV kontor, dette er eit grep me også held på i fortsetjinga då det er nokre naturlege kontaktflater mellom desse tenestene. Kjerneoppgåver i Nav/flyktingtenesta er økonomisk sosialhjelp, økonomisk rettleiing, KVP, aktivitetsplikt, Mellombels bustad og oppfølging av rusklientar, busetting og integrering av flyktingane. Me har søkt om midlar til å auke kompetansen innan rus, for å ha fokus på unge tenestemottakarar.

Tab 4.26 Tal sosialtenesta	2012	2013	2014	2015	2016
Mottakarar – sosialhjelp	41	36	44	57	61
18-24 år	12	10	12	10	10
24-66 år	29	26	32	47	51
Mottakarar med stønad over 6 md	10	22	13	18	18
Snitt utbetaling per stønadsmånad	7324	6911	6912	7503	7277
Økonomisk rettleiing utan stønad	13	3	5	8	7

Nav vil ha fokus på arbeid og aktivitet, særleg blant unge. Mevil ha eit mål om å redusere stønadslengd. Nyting av vilkår knytt til utbetaling, gjennom aktivitetsplikt er døme på auka fokus på aktivitet for denne gruppa.

Det har vore ein auke i utbetaling av sosialhjelp. Dette har samanheng med auka arbeidsledighet og auka tilfang av klientar. Arbeidsmarknaden er ei utfordring i arbeidet med unge stønadsmottakarar og flyktingar, og det er forventa lik utvikling eller auke. Flyktingtenesta har hatt eit rekordår innan busetting av flyktingar, til tross for lang tids vakanse i tenesta. Det er store utfordringar i høve offentleg transport/kommunikasjon, noko som fordrar kreative løysingar. Me hadde ikkje klart oss utan god innsats frå alle dei friviljuge som bidreg.

Av tallen under ser me at vår driftsutgifter til sosialtenesta har auka monaleg sidan 2012, me har likevel ein del igjen til me når utgiftsnivået for samanliknande kommunar. Me ser også at andel sosialhjelpsmottakarar 18-24 år er relativt stabil samanlikna med førre år. Denne gruppa er i fokus med omsyn til oppfølging og aktivitet, det vert interessant å sjå utviklinga her inn mot komande år.

Tab 4.27 Nøkkeltal sosialtenesta	Tysnes					Kostragr. 2	Hordland
	2012	2013	2014	2015	2016	2016	2016
Netto driftsutgifter til sosialtjenesten pr. innbygger	559	739	796	990	<b>1075</b>	1682	2292
Netto driftsutg. til sosialtjenesten i prosent av samlede netto driftsutgifter	1	1,2	1,3	1,6	<b>1,8</b>	2,7	4,3
Andel netto driftsutg. til råd, veiledning og sosialt forebyggende arbeid	68,5	44,7	43	35,7	<b>32,5</b>	55,4	38,5
Andel netto driftsutgifter til økonomisk sosialhjelp	34,7	41,9	56,9	64	<b>67</b>	41,7	40,9
Andel netto driftsutgifter til tilbud til personer med rusproblemer	-3,1	13,4	0,1	0,3	<b>0,5</b>	2,9	20,6
Andelen sosialhjelpsmottakere i forhold til innbyggere	1,5	1,3	1,6	2	<b>2,1</b>		
Andelen sosialhjelpsmottakere 18-24 år, av innbyggerne 18-24 år	..	4	4,4	6,4	<b>6,7</b>	:	:
Brutto driftsutgifter pr. sosialhjelpsmottaker, i kroner	41 698	52 146	59 028	55 250	<b>57 508</b>	:	:
Brutto driftsutgifter til økonomisk sosialhjelp pr. mottaker	11651	14976	23639	28727	<b>32175</b>	26 208	40 015

### Flyktingetenesta

Flyktingetenesta har hatt eit rekordår innan busetting av flyktningar, til tross for lang tids vakanse i tenesta. Det er store utfordringar i høve offentlig transport/kommunikasjon, noko som fordrar kreative løysingar. Me hadde ikkje klart oss utan god innsats frå alle dei friviljuge som bidreg.

I 2015 vart det gjort eit politisk vedtak på å ta imot fjorten flyktningar i 2016, sju meir enn året før. På bakgrunn av dette vart det bestemt at flyktingetenesta skulle styrkast tilsvarande eitt årsverk. Dette arbeidet vart iverksett på slutten av 2015, og trådde i kraft frå 2016. Totalt vart det busett totalt 21 flyktningar i førre år ( nokre av desse er frå 2015 kvota), samla så har me no 31 flyktningar under busetjing.

Gjennom året har det vore arbeidd ein del med å finna tilgjengelege bustader som ligg litt meir sentralt enn Hovland. Arbeidet med integreringa er variert og tidkrevjande. Flyktningane er no spreidd i aksen Uggdal - Våge - Lunde av logistikkmessige omsyn. Det er eit mål at flyktningane vert integrert på ein slik måte at dei kjenner seg som Tysnesingar etter endt introduksjonsprogram.

I denne prosessen har Flyktningetenesta vendt seg til friviljuge, noko som har vore særst positivt for dei flyktningane som har fått god kontakt med «sine» familiar. Det vil vera eit behov for å styrka det friviljuge arbeidet vidare i høve denne tenesta.

Dei fleste flyktningane er i språktrening, og det vil frametter vera stor trong for vidare språk- og arbeidstrening i bedrifter.

## 4.4 Landbruk og teknisk

Landbruk- teknisk etat er delt i to einingar; ei eining for brann, drift og vedlikehald og ei eining for forvaltning.

### 4.4.1 Eining for forvaltning

Frå 1.september 2012 har landbruk- teknisk etat vore delt inn i to, ei eining for drift og vedlikehald og ei eining for forvaltning.

Under eining forvaltning ligg plan- og byggesaksavdeling, kart – og oppmålingsavdeling og landbruk.

Eininga fekk i slutten av 2015 på plass arealplanleggjar. Stillinga er tenkt å i det vesentlege vera knytt til denne eininga for å ivareta handsaming av private planar, tilsyn og kontroll samt handsaming byggjesaker. Stillinga skal og følgja opp kommunale planer, om lag 0,3 årsverk er såleis ført under budsjettkapitel 1.1.

I 2016 vart stilling som vikariat for kart- og oppmålingsavdeling lyst ut fleire gonger utan at det lukkast å få tilsett vikar for medarbeidar som gjekk ut i permisjon hausten 2016. Kart- og oppmålingsavdelinga har derfor hatt redusert bemanning i haust.

#### 4.4.1.1 Plan og byggjesak

Tab 4.28: Utvikling i handsama saker	2012	2013	2014	2015	2016
Total saksmengd	248	280	296	280	289
Delegasjonssaker	96	160	207	189	184

Tabellen angjev berre saker som er handsama etter plan - og bygningsloven og Forureiningsforskrifta. For andre type saker som er handsama etter jordlova, skoglov m. m. vert det vist til anna programområde.

Arealdelen til kommuneplanen vart revidert våren 2012. Likevel opplever ein søknader om dispensasjonar. Desse sakene krev ei omfattande sakshandsaming med høyring til ytre etatar og politisk handsaming i utval landbruk/teknisk.

Byggesaksavdelinga tek imot mange mangelfulle søknader og brukar unødvendig mykje tid på desse sakene før dei kan takast opp til realitetshandsaming. For lovpålagte tidsfristar innan byggesak er det sjeldan at søknadane er fullstendige slik at dei ikkje oppfyller vilkåra for handsamingsfristane etter § 21-7 i plan og bygningslova.

I 2016 var gjennomsnittleg sakshandsamingstid for delegasjonssaker 6 veker for søknader som var fullstendige med handsamingsfrist på 12 veker.

Til dei om lag 250 uavklarte saker som *kan* vera knytt til ulovlege tiltak, saker som vart avdekka i samband med innføring av eigedomsskatt, er det ved utgangen av 2016 sendt ut skriv til 132 av desse sakene. Strategiplan for tilsyn vart vedteke i kommunestyret 17.06.14. Vidare vart «*Sanksjonar og oppfølging av ulovlege tiltak etter plan- og bygningslova*» politisk forankra i same møtet. Dette er viktig underlag når det no vert gjort ei oppfølging her. Dei prinsipielle avklaringane knytt til desse uavklarte sakene vart handsama av kommunestyre i inneverande år.

Det har i 2016 ikkje vore oppstart av, eller godkjent nye private reguleringsplaner. Sentrumsplan for Våge vart vedteke i november, men er ennå ikkje avklara då det ligg motsegn frå fylkesmannen.

Endra satsar *Gebyrregulativ for Tysnes Kommune, Landbruk og teknisk etat*, vart vedteken av kommunestyre 14.12.2016 og gjeld frå 01.01.2017. Gebyrsatsane vart auka med 2,7% for 2017.

Plan og byggesak arbeider med rutinar, malar, sjekklister og betre implementering av IT systema i samband med oppfølging av forvaltningsrevisjonen der rapporten vart lagt fram i februar 2016. I samband med budsjettarbeidet hausten 2015 vart det sett av midlar til oppgradering av sak og arkivsystemet for å sikre systemstøtte for effektiv og god sakshandsaming med betre rom for styring og kontroll. Våren 2016 vart sak og arkivsystemet (ESA) vårt oppdatert med støtte for digital postgang. Hausten 2016 vart ESA byggjesak sett i drift. I modulen er det lagt opp til at saksgangen skal styrast etter definerte milepælar, det er også lagt opp til automatisk rapportering mot KOSTRA.

Oppgradering av ESA og opplæring av sakshandsamarar vart delvis gjennomført i haust 2016. Dette vil igjen leggja føringar knytt til vidare arbeid med rutinar og vil ikkje kunne nyttast fullt ut før dette arbeidet er ferdigstilt. Arbeid med dette vert vidareført i 2017.

I desember 2016 meldte byggesaksavdeling, Tysnes Kommune, seg på nettverkssamarbeid med andre kommunar i Hordaland, med Bergen Kommune som *vertskommune*. Nettverkssamarbeid er i regi av NKF med kurs, opplæring av aktuelle tema innanfor byggesak.

#### 4.4.1.2 Kart og oppmåling

Det var ikkje budsjettoppnåing i 2016. Hovudårsaka til det er at me ikkje fekk nokon søkjarar til vikariatet som vart utlyst og som var kvalifisert og som ville takke ja. Litt ut i januar 2017 fekk me på plass ein god avtale med Stord kommune om utføring av oppmålingsforretningar.

Elles er det som regel nokre av sakane som er under arbeid som tek mykje tid med ferdigstilling.

Tab. 4.29: Utvikling av gebyrinntekter	2012	2013	2014	2015	2016
Budsjett	1.200.000,-	1.600.000,-	1.120.000,-	1.256.604	<b>1.239.996</b>
Rekneskap	1.525.563,-	1.117.423,-	1.097.995,-	840,69	<b>1.040.384</b>

#### Kartlegging

I høve til Geovekst-avtalen vart det utført kartlegging på våren 2016, med FKB-B-data, orto-foto for heile kommunen og laserskanning vestre del på grunn av prosjektering av ny E39.

Når det gjeld kommunale kart var det vanleg vedlikehald av FKB-B-baser.



## Oppmåling

Tab 4.30: Statistikk oppmålingssaker	2012	2013	2014	2015	2016
Tinglyste matrikkeleiningar totalt (utan seksjonering)	85	48	46	29	<b>23</b>
Rekvirerte saker	79	77	60	40	<b>74</b>
Fullførte saker	114	122	127	63	<b>63</b>
Utvikling samla saksmengde	-35	-45	-67	-23	<b>+ 11</b>

Den totale mengda oppdrag låg på 37 saker i mars 2017. Når ein ser bort frå saker som ligg på vent (5) eller er under arbeid / nesten ferdige (11), så er ventekøen no på (18) saker. Men me veit at det er mange saker som snart kjem inn til oppmålingsavdelinga.

Det er p.t. ingen melombels forretningar og ingen mellombels utsette oppmålings forretningar. Det vart brukt konsulent for gjennomføring av 6 oppmålingsforretningar på slutten av året. Greitt arbeidd, men dei har ikkje vært heilt «innafor» vedkome areala i to grensejusterings-saker. Etterarbeidd med desse vert i 2017.

Det vart ikkje investert i nytt oppmålingsutstyr i 2016. Avtale om leasing vart inngått, og ny oppmålingsbil vart overlevert oppmålingsavdelinga 18.11.16. Den gamle oppmålingsbilen vart seld.

## Adressering

Adresseringsarbeidet heldt fram i 2016. Ut frå at me i 2017 ikkje vil oppretthalda normal kapasitet ved avdelinga vert det vidare arbeidet med adressering sett litt på vent.

### Kommunale bustadtomter

Det er **4** tomter reservert til firma. **1** tomt er reservert/under sal til privatperson. Det vart seld/skøytt **8** tomter i 2016. For tida er **18** kommunale bustadtomter ledige.

### 4.4.1.3 Landbruk

Landbrukstenester vert løyst ved interkommunalt samarbeid etter vertskommunemodellen, det er Fusa kommune som er vertskap for Bjørnefjorden Landbrukskontor. Tysnes har no vore med i det interkommunale samarbeidet i tre og eit halvt år, og er den nest største landbrukskommunen i samarbeidet. Stor aktivitet og interesse gjer at mykje av arbeidet til Landbrukskontoret dreier seg om Tysnes.

Av ulike årsaker vart arbeid med forvaltingsplanar for hjort og gås ikkje ferdige i 2016, men dei vil truleg vere klare før sommaren i -2017

Bøndene i Tysnes er aktive og kjem med mange saker til Landbrukskontoret, fleire enn t.d. Fusa, som har fleire bønder. Dette speglar ein kommune med tiltakslyst og engasjement. Landbrukskontoret handsama mellom anna 9 konsesjonssaker, 14 delingssaker og 3 omdisponerinssaker og 6 søknader om tilskot til drenering. I tillegg til dette var det 86 søknader om produksjonstilskot og 15 RMP-søknader (Regionalt Miljøprogram i Landbruket).

Talet på saker frå Tysnes som er handsama av landbrukskontoret i 2015 var 167.

Tab 4.31: Aktivitet - landbruk	2013	2014	2015	2016
<b>Investeringssaker</b>				
Kulturlandskap (Spesielle Miljøtiltak i jordbruket, SMIL)	29	13	8	8
Freda/verneverdige bygningar (SMIL)	1	0	0	0
Bygdeutviklingsfond og anna støtte frå Innov. Norge	5	6	3	3
<b>Produksjonstilskot og areal</b>				
Talet på søkjarar	88	87	88	86
Areal i drift (dekar)	12 525	10 497	-	10 338
<b>Skogbruk</b>				
Hogst (tømmer og ved) m3	1 728	1 494	14 388	18 530
<b>Jakt- og viltstell</b>				
Fellingsløyve, hjort	695	756	716	705
Felt hjort	590	674	532	586

Me ser at det særskilt er ein stor aktivitetsauke innan skogbruket dei to siste åra, dette har i noko mon samanheng med ekstremværet Nina, men er også knytt til at mykje av skogen på Tysnes er hogstmogen. Tømmerkaien på Heningen har vore viktig for å få skipa tømmeret ut.

#### 4.4.2 Eining for brann og teknisk drift

I samband med ei organisasjonsendring i 2015 vart brann og teknisk drift lagt til ei felles eining og samla under brannsjefen som einingsleiar.

#### 4.4.2.1 Brann og redningstenesta

Tab 4.32: Utrykningar brann og redning	2012	2013	2014	2015	2016
Totalt	17	29	38	18	33
Automatisk alarm	5	9	10	7	14
Gras-/krattbrann	0	7	0	0	0
Brann bygning	2	1	2	1	1
Pipebrann	2	1	0	0	2
Trafikkhending	4	1	7 <sup>vi</sup>	4	4
HLR – helse	0	5	7	1	11
Anna	4	5	12	4	3

Det var gjennomført 10 øvingar i 2016. Tre brannmannskap begynte på beredskapskurs trinn 1 hausten 2016 og ein fullførte kurs for utrykingskøyrety. Elles har me gjennomført øvingar i samsvar med øvingskalender. Det blei søkt om framskoten eining og overflateredningsutstyr i det store brannløftet, me fekk stetta søknad om overflateredningsutstyr , dette er venta å vere operativt i løpet av 2017. Elles er eit nytt øvingsmoment, plivo<sup>vii</sup> aksjonar, kome i 2016 og me er i gang med å gjennomføra kurs på dette. Det blei berre utført to tilsyn i særskilte brannobjekt i 2016. Det er registrert 1316 skorsteinar i Tysnes kommune. Det blei utført 408 feiingar i 2016, dette er i samsvar med generell feiefrekvens på 2. kvart år og ruteinndelinga. Vidare blei det utført 264 tilsyn i 2016.

Feiing og tilsyn i bustad synes no å vere i rute, samarbeidet med Vestnorske feietenester fungerer godt. Når ein ser på særskilte brannobjekt er ikkje situasjonen her tilfredsstillande. Dette er den oppgåva som ikkje har blitt prioritert høgt nok ut frå samla arbeidsmengde. Det viser seg at dagens organisering vert det for mykje arbeid til at ein stilling kan dekke arbeidsoppgåvene, det har ført til at mellom anna tilsyn har blitt

<sup>vi</sup> 6 bilulykker og 1 båtulukke

<sup>vii</sup> Plivo – pågåande livstruande vold.

neprioritert. Her er me i ein prosess opp mot initiativet til Bergensalliansen og mogleg samarbeid med kringliggjande kommunar for å imøtekomme krava som er signalisert i ny dimensjoneringsforskrift. Brannsjefen har delteke i ei av arbeidsgruppene som resulterte i rapporten brannsamarbeid i Bergens regionen, denne delen av arbeidet vart avslutta i juni 2016.

Arbeidet i brann og redningsteneste framover i 2017 vil retta seg mot tilsyn og implementering av ny forskrift i samband med dette, under dette oppfølging av lovpålagt feiing og tilsyn i fritidsbustadar. Me vil fortsette å bruke brannmannskapa til oppgåver utover kun øving og utrykking . Objekt og innsatsplaner går mykje hand i hand med tilsyn, vedlikehald av brannmateriell har ein «bli kjent med utstyr og sosial effekt». Dei vert og betre kjent på risikobygga i kommunen. Det vil og bli brukt ein del tid på å kartleggje moglege løysningar for å imøtekomme krav i ny dimensjoneringsforskrift og samstundes styrka beredskapen i regionen.

Elles er arbeidet med flytting av brannstasjonen opp i samlokalisering i Eredalen i gang og vil krevje mykje arbeid i 2017.

#### 4.2.2.2 Teknisk drift

Eining for teknisk drift har 4,8 årsverk fordelt på drift og vedlikehald av bygg, kyrkjegardar og veg og avløp. I 2016 hadde me 100 % vikariat på stillinga som kyrkjegardsarbeider, vedkommande har i januar 2017 takka ja til fast tilsetjing, dette har vore eit løft for eininga generelt. Når det er sagt er det knapt med stillingar i forhold til oppgåvene. Arbeidet ber noko preg av at ein tek det forefallande som hastar etter prinsippet – ting som går på tryggleik fyrst , forhold som har store negative økonomiske konsekvensar om dei ikkje blir gjort på 2. plass og – kjekt å ha til slutt. Likevel viser det seg at når dette er gjort slit me med å fullføre planlagt og periodisk vedlikehald på ein god måte. Her må det arbeidast vidare for å få god organisering av dette arbeidet.

Tilsynsarbeid innanfor dei lovpålagte område (elektriske anlegg, heis, bygg teknisk, leikeutstyr barnehagar/skuler) har vore gjennomført.

Drift- og vedlikehaldstiltak på kommunale bygg er stort sett gjennomført slik tiltaksplanen vart prioritert ved inngangen til året. I tabellen nedanfor er nokre av gjennomførte tiltak sett inn . Ein har ikkje teke med alle her.

Tabell 4.4.6: Oversyn over gjennomførte tiltak i bygga i 2015.

Eigedom	Dogv	Tiltak
<b>Skulebygg</b>		
Tysnes skule	X	Det er skifta kledning på deler av bassengbygget og det er malt. Naturfagrommet og handverksavdselinga er ferdig jf prosjekt. Nye takvindu på ungdomstrinnet.
Onarheim skule	X	
Uggdal skule	X	
<b>Føreskulebygg</b>		
Vågsmarka barnehage	X	Oppgradering av uteareal m sklibakke og fleire parkeringsplasser. Vaska bygg
Stjernereiso barnehage	X	
Onarheim barnehage	X	
Lunde barnehage	X	
<b>Helse- og sosialbygg</b>		
Vågsmarka bufellesskap	X	Vaska bygg
Haugen bufellesskap	X.	Malt bygg , skifta diverse vindauger, nytt ventilasjonsanlegg og grust opp gangsti og deler av plen – nytt gatelys på gangveg.
Trygdebustader Våge	X	
Trygdebustader Uggdal	X	

Trygdebustader Hovland	X	
Omsorgsbustader Våge	X	
Omsorgsbustader Peralio	X	
Omsorgsbustader Uggdal	X	Ny altan /rømmingsveg i ei leilegheit.
Omsorgsbustader Hovland	X	
Hovland aldersheim	X	
Tysnes sjukeheim	X	Tetta lekkasje på altan i 2000 bygget.
<b>Andre bygg</b>		
Rådhuset	X	Tilrettelegging for ombygging av rådhuset, Skifting av ein del utvendig kledning. Utført 2015
Tinghus m/ stall	Kun tilsyn	
Tysneshallen	X	Lakka golv og vaska bygg utvendig
Prestebustad Jensvoll	X	
Legebustad Våge		Utført omfattende oppussingsarbeid i 2016
Gjennomgongsbustad Uggdal	Kun tilsyn	
Utestasjon Eredalen	X	Arbeid med planering av nytt areal til teknisk drift i gang 2016

### Kommunale vegar kaier og bruer.

Kommunen har ca. 62 km med kommunale vegar, 11 bruer og 9 større kaier som skal vedlikehaldast. Kommunestyre har gjort vedtak om at tal kaier skal reduserast.

Kommunen er pålagt årlege lovpålagde tilsyn med bruer og kaier. Tidlegare rapportar har synt ei negativ utvikling for kai Flatråker. Etter førre kontroll blei kaien noko nærare vurdert og utviklinga syner ein mindre negativ utvikling enn tidlegare konkludert. Amlandstø kai er òg stengd og er vurdert seld. Grunnasundet bru (til Skorpo) har mindre skader som må reparerast. Elles er det foreslått tiltak i rapporten som ikkje er prekære tiltak og som vil bli vurdert fortløpande.

Det normale vedlikehaldet elles er i hovudsak utført med eigne ressurser. Større tiltak også større rutinemessige og prevantive tiltak vert som hovudregel leigd inn frå lokale entreprenører eller frå firma med rett kompetanse. Brøyting og strøing er sikra gjennom brøyteavtalar med ei rekke lokale entreprenørar. Avtalane vart reforhandla i 2015 med mindre endringar både økonomisk og med omsyn til brøyteruter. Avtalane er og vidareført i 2016/17 og er løpande inntil ein av partane seier opp sin avtale.



Tabell 4.4.7: Oversyn over kaier og bruer

Nummer	Objekt	Status	Tiltak 2016
1	Bru – Skorpo	Må gjennomførast tiltak i overgang mellom veg og bru	nei
002A	Kai – Tømmerkai Flatråker	Skogeigarlaget	
002B	Kai – Gammel ferjekai Flatråker	Bjelker korroderer, og må haldast auga med.	nei
3	Bru – Til Sjø og Fritid	Korrodering av armering, nytt rekkverk	nei.
4	Bru – Uggdal kirke G/S	Ingen anmerkning	Ok
5	Bru – Heie Økland	Nytt rekkverk, reinsk	nei
6	Bru – Frøkedal bru	Nytt rekkverk, reinsk	nei
7	Bru – Hopsund bru	Lenging av rekkverk, neopren	nei
8	Bru – Solheimsdalen	Nytt rekkverk	nei
9	Bru – Solheimsdalen 2	Nytt rekkverk, litt asfaltvøling	nei
10	Bru – Vatne	Nytt rekkverk, setningskader	nei
11	Bru – Myrdal bru	Nytt rekkverk	nei
12	Bru – Lunde bru	Nytt rekkverkk, betongskader	nei
13	Kai – Onarheim kai	Stengd	Seld i 2015
14	Våge gjestehamn	Råte tverstag, forlenging av redningsstiger	nei

Kompetent firma utførte pålagt kontroll av bruer og kaier i 2016.

Estimert kostnad for utbetring av **bruer** er kr 2 130000. Kostnaden med utbetring av **kaier** er ikkje estimert.

Tabell 4.4.8 Asfaltering

Objekt	Omfang
Veg til laukhammer	Ca 1330 kvm
Reiso skule	Ca 1770 kvm
Tre utkjøringar til dalen	Ca 300 kvm
To fartshumpar lundehagen 2	
Ein fartshump v Reiso	
Vegstubb på Lande	
Flikking av veg ned til Skår på Reksteren	

#### Renovasjon, slamtøming, avlaup og vassforsyning

Driftssituasjonen har ikkje betra seg og er lite tilfredstillande i fleire lokale områder. Dette har vore omtala i tidlegare år, men er ikkje gjennomført og gjeld mellom anna slamavskiljar i Lunde sentrum. Denne må utvidast grunna utbygging av bustadfeltet Kattaland. Pumpeanlegget i Våge er også eit anlegg som er sårbart og som kan ved ein driftsstans føra til lokal ureining. Det er også fleire andre lokale område kor ureinings situasjonen er lite akseptabel. Problema må kartleggjast og tiltak iverksetjast.

For å få ein samla oversikt over situasjonen vart det arbeida med einforespørsel for å få utarbeida ein ny hovedplan for vatn og avløp, arbeidet vert fylgt opp i 2016.

Det er ikkje kommunal vassforsyning i Tysnes. Kommunen har likevel eit ansvar for den overordna beredskapen.

Tysnes kommune har lagt ut renovasjon til Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS.

Det har vore utført ein del arbeid med reingjering og utspyling av sandfang og overvatn kummar i 2016 , arbeidet fortset i 2017. Problem med fett i avløpsanlegga i Våge og i samband med serveringsstader , det er utarbeida framlegg til lokal forskrift om fettavskiljarar. Me legg til grunn at slik lokal forskrift vert vedteken i 2017.

### Kyrkjegardar

Kommunen yter teneste til kyrkjeverja vedkomande vedlikehald og drift av gravplassane i kommunen. Det er avtale mellom partane som regulerer tilhøva. Etter at det personalsituasjonen vart løyst har tilhøva betra seg mykje på dette området. 2016 blei eit år for oppstart av vedlikehald på kyrkjegardane, no er ein i full gang med rydding av kratt , stell av gjerder , drenering og anna vedlikehald. Likevel , 10 kyrkjegarder krev mykje arbeid – spesielt i sommarhalvåret.

### Utviklingtrekk og mål

Kommunen har ei målsetjing om å redusera kostnader ved å selja ut kommunale eigedomar som bygg og kaier som kommunen ikkje finn det turvande å eiga. Det skal tilsvarande gjerast ei vurdering om ikkje ein del kommunale vegar kan nedklassast til privat veg. Eining for teknisk drift vil med denne utviklinga over tid nytta mindre resursar til vedlikehald.

Kommunen har lenge hatt planer om å utarbeida ein eigen vegplan. Arbeidet bør prioriterast slik at ein får fram godt grunnlag for prioritering av tiltak og også for å vurdere framtidig organisering av tenesta. Sikring og forsterking må klargjerast i hovudplan vegar og i ROS planlegginga i kommunen. Det er eit viktig næringspolitisk tiltak å få same bæreevne på kommunevegane som på riks- og fylkesvegane. Ei målsetjing er å rullera tiltaka i trafikksikringsplanen ein gong kvart år i samband med budsjettarbeidet.

I 2017 må ein sjå på korleis ein best ivaretek kommunen sine oppgåver på dette området. Arbeidet med dette er i gang, her vil ein sjå på kva tenester me skal utføre i eigen regi og kva me kan leige inn eksterne aktører for å utføre. Kva ein lander på her vil og vere førande for kva utstyr me skal ha og ikkje framover.

Elles er nytt IK system for bygg, veg og avløp samt kyrkjegarder på plass og snart fullt operativt, likeins bestillingsarbeid via e post «vedlikehald». Tilsette i teknisk drift vil frå i år , som ei prøveordning få ein beredskapsrolle innan sine fagfelt. Oppdaterte tiltaksplanar er under arbeid og vil bli implementert med bakgrunn i egne runder på bygg og veg og anlegg , ein vil og ta med lokale vernerunder i vurdring og prioritering på tiltaksplanane. Det er eit vedvarande fokus på arbeids og personal møter. Dette er nye system som må evaluerast og tilpassast undervegs.

I den seinare tid har det vore relativt stor aktivitet innan bygging av bustader og etablering av nye byggeområde. Kommunen har hovudplanar for vassforsyning og avlaup. Desse planane er ikkje revidert sidan dei blei utarbeida på slutten av 1990-talet, og er såleis forelda.

Det er heller ikkje etablert plan for "Avløp frå separate avløpsanlegg utan utslepp til sjø og miljømål ferskvassressursane." Planlagde resipientundersøkingar i 2016 vart av ulike grunnar utsett til 2017 og vart utført i mars 2017, rapport er venta ved utgangen av 2017.

For å få ei god gjennomføringsevne mtp tiltaksplaner og forefallande arbeid er ein avhengig av innleigd hjelp – på kantklypp , grøfterensk og sommervikarar. Sistnemnde er ein svært god ressurs for organisasjonen då det er på denne tida det er mykje trykk på mange område.

## 5. Avslutning

Då har me vore gjennom årsmeldinga for 2016. Meldinga er sjølvsagt alt for lang, men me har von om at det likevel har vore ei triveleg lesing. Trass i omfanget av meldinga så gjer den likevel ikkje meir enn å skrape litt i overflata på drifta vår.

Me ser fram til ei vidare reise inn i 2017!